

Mariela Norheim

FARSKAPING

på 1970 og 2000-talet

Ei kulturvitenskapelig studie av det å vere far



Masteroppgåve i kulturvitenskap ved Institutt for arkeologi,
historie, kultur- og religionsvitenskap.

Våren 2010



Fotocollage: Lena Beate Norheim

Forord

Då var prosjektet masteroppgåveskriving slutt, og eg syns det er veldig rart og litt godt å sette punktum for arbeidet. Eg er svært nøgd med å ha skrive ei oppgåve som tek fram kjønnsperspektivet – ein kan jo påstå at eg er noko oppteken av det.

Dei eg først vil takke er fedrane som eg fekk intervju i samband med oppgåva. De har hjelpt meg med å forstå meir om korleis farskapinga kan gå føre seg og møta med dykk har både vore spanande og kjekke. Så til min rettleiar Tove Fjell: Takk for dine gode og ærlege innspel undervegs i dette prosjektet. Du har vore motiverande og komen med mange nyttige råd.

Tusen takk til dei som har gitt meg ulike tilbakemeldingar på denne oppgåva undervegs og mot slutten: Marit Kjeksrud Amundsen, Lena Nakken Kallevik, Line Førre Grønstad, May-Linda Magnussen, Bo Solesvik Oppedal og Håvard Knoff. Til mine medstundeter Mary Ann Menes og Håvard Knoff: Det har og vore kjekt å skrive master saman med dykk. Til slutt så vil eg takke kjærasten min Øystein Holm Krøvel: Takk for den støtta du har gitt meg heile vegen.

Bergen mai 2010

Mariela Norheim

*Jeg er så glad i far!
Og når han meg i hånden tar
og ut vi sammen drar,
så er jeg riktig kar!
Da går vi, far og jeg,
og prater så om alt vi ser,
- og enda mye mer -
og morer oss og ler!*

Tekst: Margrethe Munthe

Innhold

KAPITTEL 1: FEDRAR – OM TILHØVA 1970 OG 2000.....	7
Problemstilling.....	7
Rettar for fedrar og nokre samfunnsmessige haldepunkt.....	8
Teoretiske perspektiver	10
Omgrep.....	12
Script for fedrar	13
Tidlegare forsking på fedrar	13
Gangen i oppgåva	16
KAPITTEL 2: METODE OG ETIKK	18
Kvalitativ metode	18
Det kvalitative intervju – eit samspel	19
Retrospektiv på forteljingane	20
Å setje ord på det gitte	20
Å få tak i informantar	21
Kriteriar for informantutvalet.....	23
Informantane.....	23
Etiske vurderinger	24
Mine forforståingar av fedrar	24
Tillita og balanse i forskinga	25
Anonymisering av material.....	26
Media som kjelde til samfunnsforståingar av fedrar	27
KAPITTEL 3: FRAMSTILLINGA AV FEDRAR I VG OG KLASSEKAMPEN.....	30
1976 OG 2006.....	30
Oversyn over fedrar i Klassekampen og VG i 1976 og 2006	31
VG i 1976.....	32
Menn si manglande interesse for feminismen sine krav?	33
Barnehagedebatt ut frå gitte familietilhøve	34
Når far har tid	35
Klassekampen 1976.....	37
Om to kvinner sine liv	37
VG 2006	39
Knapt med tid til borna for både mor og far	39
Fleire kjendispappaer	39
Klassekampen 2006.....	42

Barnehagediskusjonen 2006	43
Avisene sine framstillingar av fedrar 1976 i høve til 2006	44
KAPITTEL 4 : FEDRANE FORTEL OM EIGNE FEDRAR.....	46
Praktiske oppgåver saman med far – 1970	46
Samvær for relasjonen si skuld - 2000.....	50
Ein-til-ein-relasjonen som ideal	56
Å dele erfaringar med andre fedrar.....	56
Om relasjonane til sine eigne fedrar 1970 og 2000.....	61
KAPITTEL 5: SKILDRINGAR OM OMSORG.....	63
Oftung sine script for farspraktsar.....	63
Den yngste generasjonen	65
Tida aleine med borna	70
Dei eldste fedrane sine skildringar om fødsel og samvær.....	74
Ei samanlikning mellom 1970 og 2000.....	78
KAPITTEL 6: OPPSUMERING	80
Fedrar i 2000 og 1970.....	80
Offentleg aksept av fedrar.....	80
Vernarar av borna.....	81
Kvardagsfaren med borna	82
LITTERATURLISTE OG KJELDER:.....	84
Nett kjelder.....	87
Interne kjelder	87
APPENDIKS 1	88
Vedlegg 1: Førespurnad om å bli informant i samband med ei masteroppgåve	88
Vedlegg 2: Samtykke til å få nytte intervjuet.....	89
APPENDIKS 2	91
Avisvedlegg 1.....	91
Avisvedlegg 2.....	92
Avisvedlegg 3	93
Avisvedlegg 4	94
Avisvedlegg 5	95
Avisvedlegg 6	96
Avisvedlegg 7	97
Avisvedlegg 8	98
Avisvedlegg 9.....	99

Avisvedlegg 10.....	100
Avisvedlegg 11.....	101
Avisvedlegg 12.....	102
Avisvedlegg 13.....	103
Avisvedlegg 14.....	105
APPENDIKS 3	106
Temaguide.....	106
Intervjuguide	106

Kapittel 1:

Fedrar – om tilhøva 1970 og 2000

”En gang stoppet et følge av japanske turister opp på den andre siden av gaten og pekte på meg, som om eg var anføreren i en sirkusparade eller noe. De pekte. Der går den skandinaviske mannen! Se og fortell deres barnebarn om det dere så! (Knausgård 2009:516).

Såleis kan ein observere samtidsfaren. I dette tilfellet er det japanske turistar som ser skrått på den skandinaviske far – dei legg merke til han der han kjem med bornevogna si. Forfattaren reflekterar over møtet med turistane og syner korleis han vurderar sin identitet som småbornsfar. Å sjå på kvardagslege fenomen med eit anna augekast, som å sjå ein far trille bornevogn, kan fremje noko gitt om menn. Samstundes kan sitatet over syne noko om korleis menn vel å føra seg som fedrar, ut frå deira oppleving som mann og far. Mi kulturfaglege interesse i dette masterarbeidet vil mellom anna omhandla kjønnsuttrykk som utspelast i kvardagslege møter med andre. Samtidsfedrane som sit på kafè i byen, eller som eg møter når dei leikar ute med borna sine, har gitt meg inspirasjon til å undersøke emnet fedrar.

Problemstilling

Eg vil ta for meg fedrar som fekk born på 1970-talet og fedrar som fekk born etter år 2000. Intensjonen min er å fortolka på kva måte fedrane vel å fortelje om det å ha små born. Vidare vil eg sjå nærmere på forskjellar og likskapar mellom desse generasjonane. Min interesse med komparasjonen er å få fram fedrane sine førestillingar knytta til deira farsidentitet. Difor har eg vald å ta tak i fedrane sine refleksjonar kring deira eigne fedrar, og forteljingane deira om samvær med eigne born. Eg vil ha eit kjønnsperspektiv i analysen av fortelingane til fedrane, fordi eg er oppteken av korleis dei nyttar kjønn som del av deira forteljingar. I denne oppgåva har eg avgrensa studien til fedrar som lever i heteroseksuelle parrelasjonar¹, og alle

¹ LHBT -personar vert ikkje studert i denne oppgåva. Forkortninga LHBT –personer står for lesbiske, homoseksuelle, bifile og transpersonar. Homoseksuelle vil seie mennesker som er emosjonelt og erotisk knyta til andre mennesker av same kjønn. For ei vidare utgreiing sjå Anderssen og Slåtten 2008: 12.

informantane mine har to eller tre born når eg intervjuar dei. I tillegg til intervju med fedrar i to generasjonar har eg sett på nokre aviser. Her har eg vore oppteken av korleis avisene sine framstillingar av fedrar har vore i 1976 og 2006 som er periodar då dei to informantgruppene hadde små born. Den overordna problemstillinga i denne oppgåva er:

På kva måtar utformar menn sine identitetar som fedrar på med omsyn til 1970-talet og 2000-talet, og korleis ser framsillingar av fedrar ut om ein ser på avisuttrykka i 1976 og i 2006?

Rettar for fedrar og nokre samfunnsmessige haldepunkt

Det er få som har vald å ha eit kjønnsperspektiv på menn som fedrar generelt og spesielt med omsyn til fedrane sine opplevingar. Sosiologane Elin Kvande og Berit Brandth kallar denne type vinkling på fedrar for eit taust felt, og legg til at forsking på fedrar i liten grad har hendvendt seg til fedrane *sjølve* for betre forståing (Brandth og Kvande 2003:16). Etnologen Charlotte Hagström er derimot ei av dei som har studert fedrar. Ho har sett på svenske fedrar si oppleving og relasjon til små born. Det kan då hevdast at denne interessa for farsidentitetar er i rørsle i dag. Fleire er oppteken av ”dei nye fedrane” i vår samtid. Men kva med interessa for fedrar på 1970-talet? Interessa for menn som fedrar kan hevdast å ikkje vere av heilt ny dato. I følje historikaren Ida Blom var det allereie på 1970-talet at ein byrja å tale om ”den mjuke mannen” og interessera seg for fedrar i høve til born og kvinner (Blom 2005:359). Interessa og omtale av fedrar i det offentlege vil vere del av denne oppgåva, for eg ynskjer å få fram på kva måte 1970- var ei anna tid enn 2000-talet. Aviser si framstilling kan gje ein peikepinn på kulturelle måtar å tale om fedrar på og vidare noko om farspraksisane i ei gitt samtid. I følje sosiologen Ralph LaRossa er det ein tendens til at aksepten i kulturen og *samtalen* om fedrar står asymmetrisk i tilhøve til *praksisen* (LaRossa 1988:451). Med omsyn til dette vil eg no sjå nærmare på nokre av dei ulike historiske og lovmessige tilhøva på 1970- og 2000-talet. Fedrar sine rettar og samfunnsmessige normer i tida kan spegla både forventningar og praksisar til fedrane. Som nemnt tek analysane i oppgåva for seg korleis fedrane sjølve og avisene vel å uttrykkje det å vere far, og er ikkje ei undersøking av kva fedrane faktisk gjer i praksis.

Lønsarbeid for menn og kvinner kan seie noko om korleis forventningar og praksisar er og har vore for fedrar. På 1970-talet var det stadig fleire kvinner som hadde deltidsarbeid når dei hadde born, og det var mannen som hadde hovudinntekta til familien i form av lønna arbeid. I

1970 var det mellom anna 3 prosent av små born som hadde barnehageplass og det kan vere ei forklaring for kvifor fedrane framleis hadde eit hovudansvar for inntekta (Blom 2005:351). Samstundes var det stadig fleire kvinner som ynskja å arbeide i tillegg til å ta omsorg for borna. Kvinner som var gifte og i arbeid auka frå 10 til 20 prosent mellom 1960 til 1970. I 1979 var talet på to-inntektsfamiliar 70 prosent. Medan i år 2000 og framover kan hevde at to inntekter er vorte ei norm (Blom 2005:350).

Historisk har kvinner kome raskare inn i lønnsarbeidet enn menn har kome aktivt inn i farskapet (Nagel 2001:7). Det å vera far handlar mellom anna om å ha retten til, og å ha rom for, å vere det. Om ein ser på dei to årgangane som eg heldt meg til i denne oppgåva, er det nokre ulikskapar som eg vil påpeike. Frå 1963 til 1977 var permisjonstida satt til tolv veker for mødrer, utan noko fremjing av far som omsorgsperson, medan permisjonslovgivinga i 1977 tok noko omsyn til fedrar. Foreldra kunne velje å dele nokre av permisjonsvekene mellom seg i følje denne nye regelen (Nagel 2001:10). Vidare fekk fedrar rett til permisjon i to veker i samband med fødsel, men det var berre om foreldra budde saman. Far hadde òg rett til å vere heime med bornet ved sjukdom inntil det fylte ti år. Grunnen for denne ordninga var både for at far skulle få tid til eige born på eit tidleg tidspunkt, og at mor skulle få mogleik til å få hjelp i denne perioden. Såleis vart det opna for at ho tidligare kunne stå klar for å kome tilbake eller inn i arbeidslivet. Det var òg teke omsyn til at fedrar burde ha tid saman med bornet på eit tidleg stadium i denne regelen. Desse mogleikane frå 1977 botna i ei lovfest avgjersle og fortel difor ikkje kor mange fedrar som gjorde bruk av den (Nagel 2001:10 -12). Likevel kan lovverket i 1977 sende eit signal til menn om forventning og aksept av farskap. Ein kjem ikkje utanom lovverket om ein skal sjå på kva fedrane på 1970- og 2000-talet held seg til som fedrar. Ei av dei største endringane som har skjedd for fedrar kom først etter 1970-talet. Avgjersla frå 1993 om den såkalla fedrekvota opna opp for at fedrar kunne ta inntil fire veker vekke frå arbeid for å ta seg av bornet. Denne retten har både vore sett på som radikal i verdsamanheng og vidare eit lokkemiddel for at fedrar skal tre meir inn i heimen (Brandth og Kvande 2003:17, Nagel 2001:11-12). Samstundes er det økonomiske omsyn fedrar må ta før dei kan nytte si kvote. Det er eit krav at både far og mor har opptent rett til foreldrepenge for at far skal kunne få denne kvota. Framleis aukar kvota for fedrar. Inntil 1. juli 2009 var det 6 veker, medan menn som har vorte fedrar etter 1. juli 2009 har rett til 10 veker (www.regjeringa.no). I høve til problemstillinga for denne oppgåva kan ein difor sjå at i åra på 2000-talet kan lønsinntekta kvile på begge foreldre, der fleire kvinner er tilsatt i

fulltidsarbeid. Fedrar sine rettar til *tid* har òg endra det å vere far på 1970-talet i høve til 2000-talet.

Teoretiske perspektiver

I dette avsnittet skal eg syne dei hovudperspektiva og teoriane eg nyttar i oppgåva. Teoriane vil vere henta frå ulike hald og skal nyttast til å synleggjera mine empiriske funn. Samstundes skal eg gjere greie for omgrepene eg nyttar i samband med analysen.

Eg har gjennomgått materialet for å analysere forteljingane. Med desse forteljingane prøver eg å forstå korleis informantane konstruerar si livsverd. Eigenskapane til ei forteljing er at ho har ei byrjing og ein slutt, med eit poeng og løysing og såleis skil ho seg frå vanleg prat av form. Det er ikkje berre innhaldet som er interessant, men òg måten informantane gjer denne meddelinga på. Deira vurderingar undervegs, og val av poeng og løysing i forteljinga, kan seie noko om korleis informantane vil verte forstått. Det ein grunn til at informantane fortel slik dei gjer. Å analysere forteljingar kan seie noko om informantane sin identitet, då ein gjennom desse kan fremje kven dei er (Eriksen og Selberg 2006:178). Personlege opplevingsforteljingar kan ein kalle denne type forteljing, fordi ein får glimt av informantane sine verdiar og meningar gjennom det dei fortel. Undervegs evaluerer fedrane seg sjølv og deler så ulike detaljar med meg, noko som får fram eit personleg preg på forteljinga og gjer den unik (Alver og Selberg 1990:43). Fedrane difor har eigne versjonar av det same emne.

Kjønnsperspektivet er medverkande i mine tolkingar av forteljingane. Eg vil vere opptatt av å fortolka kva kulturelle forståingar og førestillingar som kjem fram i materialet, med kjønn som analyseverktøy. Kjønn har på fleire måtar alltid vore tilskrivne avgjerande mening i høve til menneskeleg handling og livsverd, og lagt ulike føringar på korleis det skildrast (Rustad og Bondevik 2006). Eg vil ikkje hevde at kjønn alltid er ein meiningskapande faktor som framstillast eksplisitt. Kjønn kan òg syna seg i våre omgrep og tale og då uttrykkast meir implisitt i språket, og på den måten nærmast verte usynleg. Difor kan kjønn framstå meir som gitt eller opplagt for oss. Meiningane kjønn kan ha i kvardagslivet er på mange måtar internalisert i våre talehandlingar og tankesett, på same måte som kultur generelt kan forståast (Ehn og Løfgren 1996:59). Kjønnssymbolikken i ein kultur kan med det første framstå som mindre synleg om ein ikkje er ute etter å avdekka kva tydingar den kan ha, for den er oss så

nær (Solheim 1998). Det å vere far kan inneholde og tilskrivast fleire meininger. Menn identifiserar seg sjølv innanfor skiftande meiningshorisontar av kjønn, og farsidentiteten vert til innanfor desse. Den poststrukturalistiske retninga tilbyr å forstå kjønn som konstruert sosialt og kulturelt. Retninga utfordrar strukturalismen sitt dikotomiske teiknsystem. Språksystema er ikkje determinert eller gitt ut frå ei todeling, men vert tenkte som dynamisk og skiftande (Bondevik og Rustad 2006:51 og 52).

I denne oppgåva vil eg ta omsyn til den poststrukturalistiske kjønnsteorien. Filosofen Judith Butler sin teori om kjønn som sosialt konstruert er ein av desse. Butler kan hevdast å stå i ein radikal posisjon som kjønnsteoretikar. Eg vil difor presisere at eg valde Butler som del av mitt kjønnsperspektiv, fordi ho har gode omgrep som kan gjere mine analyser klårare. Sjølv om eg har med Butler sine omgrep, vil det dermed ikkje tyde at eg delar heile hennar konstruktivistiske syn på kjønn. Eg vil hevde at ho har med viktige perspektiv i sin teori, som kan vere relevant å ta med når ein analyserar kjønn med omsyn til kultur. I neste avsnitt vil eg ta for meg omgropa og korleis ho nyttar dei.

Alle menneske trer inn i ulike samanhengar der kjønn har mening, og difor hevdar Butler at vi bør vere opptatt av *korleis* desse meingane spelast ut. Eg er i tråd med dette oppteken av korleis fedrane fortel ut frå at dei er menn. I følje Butler *siterast* normer for kjønn av alle medlemmar i samfunnet. Om ein siterar desse kjønnsnormane repeterar og fremjer ein kjønn på ein særskild måte. Til dømes kan ein nytte førestillingar som er kjønnspesifikke i måten ein handlar og snakkar på. Butler hevdar at ein alltid *gjer kjønn* ut frå ulike kjønnsnormer og ein handlar i tråd med desse, men ikkje alltid medvit. Ein internaliserar kjønnsnormer og vert minna på kodane for desse gitte førestillingane for sitt kjønn heile tida. Butler nyttar omgrepet *performativitet* for å forklara at subjekta iscenesæt kjønn i ulike samanhengar, både språkleg og i praksis (Jegerstedt 2008). Å handle subversivt i høve til kjønnsnormer kan medverke til endring, og til å overskride kjønnsnormer. For å feste eit omgrep til det endringspotensialet som ligg i å *sitera* normar, vil ho nytte det ho kallar *feilsitering*, noko som tyder å gi noko gitt ei anna mening. Det vil seie å overskride dei handlingsmönstra som kjønnsstrukturane i samfunnet kan legge opp til. Butler sine omgrep gjer det mogeleg for meg å skildre praksisane til fedrane som noko av skiftande form, og korleis deira farsidentitet kan hentast frå ulike kulturelle repertoar. Det er såleis det kulturelle aspektet som er av interesse. Kulturen

er med å utforma fedrane sine tankemønster og innverkar på deira skaping av identitet. Fedrane kan følje sosiale normer som menn i tida, og er difor med å helde på, eller å endre desse i sine skildringar av praksis. Det fins fleire omgrep som kan vere med på å gjere materialet mitt meir tilgjengeleg. I det siste kapittelet vil eg vere oppteken av å nytta nokre kategoriar for å gje eit inntrykk av nokre ulikskapar mellom samtalane eg har hatt med fedrane i dei generasjonane.

Omgrep

Eg nyttar *farsidentitetar* som omgrep i denne oppgåva. Det for å på best mogleg måte syne at kjønnsidentitet ikkje er gitt, men stadig endrar seg. På eine sida kan det vere ein tilskriven identitet fedrar møter og på den andre sida kan denne tilskrivninga ikkje alltid samsvara med den opplevde identiteten. Identitet kan både skildra individet men òg kollektivet, og difor er omgrepa manns- og farsidentitet nyttig i denne samanheng (Eriksen og Selberg 2006:75). Omgrepet mannsrolle kan forståast som statisk og ein kan få inntrykk av at det refererer til noko ibuande eller biologisk determinert i menn. Identitetar kan innehelde ulike variasjonar av opplevelingar og praksistar, og eg vel difor å ikkje forstå fedrar som statiske, som omgrepet *rolle* kan implisera. Kjønnsrolleteori i høve til kjønn er meint å synleggjere at kjønnsidentitet i høg grad er sosialt skapt. Kritikken går ikkje mot denne intensjonen, men heller korleis omgrepet rolle ikkje kunne oppfylle føremålet (Solbrække og Aarseth 2006:66). Vidare er den teoretiske tilnærminga i denne oppgåva henta frå mellom anna Judith Butler og då ynskjer eg ikkje å operera med fleire ulike forståingar av menn som fedrar.

Maskulinitet, skil eg frå *farsidentitet* fordi maskulinitet kan forvekslast med maskulin, noko som kan nyttast i høve til alle kjønn. Det handlar om å framtre som maskulin eller feminin (Slottemo 2000:38). Det å vere maskulin eller feminin er omgrep henta frå dageleg prat, men kan òg nyttast i teoretiske skildringar for å gjere eit poeng av kva dei stereotype førestillingane av menn og kvinner kan innehelde. Eg vil gjere nytte av omgrepa maskulin og feminin for å kunne peike på kontinuitet i endringar i høve til fedrane. Dette for å skildra kva deira farsidentitet kan innehelde. Spesielt vil eg nytte desse omgrepa for å framheve Butler sine poeng i høve til *performatvitet* og *feilsitering*.

Script for fedrar

Sosiologen Knut Oftung har i si doktorgrad *Skilte fedre, Omsorg, mestring og livskvalitet*, satt opp tre ulike *script* for korleis fedrar kan handle ut frå at dei er menn (Oftung 2009:46). Han har henta inspirasjon til sine script frå Gagnon og Simon sin studie av seksualitet på 1960-talet (Oftung 2009:40). Scripta til Oftung syner konkret kva tilgjengelege kjønnsnormer og strukturar som kan finnast og korleis fedrar kan handle i høve til desse. Såleis kan Butler sine omgrep gå saman med Oftung sine script, for han syner ulike måtar å *gjere kjønn* på som far. Desse scripta er *forsørgerfaren, hjelpe-til-faren og den likestilte faren*. Scripta skal gje ein guide til tre historiske fasar av arbeidsfordeling mellom menn og kvinner og vidare gje ei rettesnor på kva moglege identitetsmarkørar fedrar kan høyre til i dag. Dei er ikkje meint som empiriske kategoriar, men som analytiske verkty for å understreka handlingsromma eller haldepunkta fedrar kan manøvrera seg innanfor (Oftung 2009). Han peiker på at desse kan overlappa einannan i nokre samanhengar, eller skiftast ut alt etter kva relasjon og kontekst som gjeld. Det er naudsynt å ha med seg kor mangfaldig eit farskap kan vere. Å nytte script og handlingsrepertoar ser eg i utgangspunktet som nyttig og i tråd med mitt perspektiv på kjønn i heilskap:

Etter min mening er dette et avgjørende poeng i en kjønnsanalytisk tilnærming fordi den åpner for å se kjønn som relevant og som empirisk eksisterende, samtidig som en slik analytisk tilnærming også åpner for at kjønn kan overskrides og praktisk sett utspille seg annerledes enn det scriptene foreskriver. Dette nye har tråder tilbake til ulike kjønnede script samtidig som det overskridet de samme scriptene. (Oftung 2009:44)

På andre sida kan desse scripta likevel framstå som eller ende opp med å fungera normgivande i seg sjølv, trass i at dei har som mål å spegla eksisterande normer og opna opp for nye.

Tidlegare forsking på fedrar

I dette avsnittet vil eg syne noko av den forskinga som har vore gjort på temaet fedrar.

Mannsforskning generelt og forsking på fedrar med omsyn til kultur er som nemnt eit relativt nytt felt. I høve til andre fagdisiplinar som til dømes forskinga på kvinner, kom det til noko

seinare. Kjønnsforskinga på menn byrja på 1980-talet i Noreg (Øvreliid 1996:97).

I etnologen Charlotte Hagström si avhandling *Man blir pappa – foreldreskap och maskulinitet i förändring*, vert det diskutert ulike bilete av fedrar på 1990-talet, òg sett saman med 1960-talet. Det å vere far og pappa på 1990-talet inneheldt både forventningar og førestillingar om kva posisjonar kvinner og menn skal ha. Ho går ut frå omgrepene normativ maskulinitet i si framstilling av fedrar for å syne endringa i deira praksisar (Hagström 1999). I høve til mi oppgåve peikar Hagström på at det ligger ulike førestillingar i kulturen knytt til menn og at desse heng saman med tida og dei kulturelle praksisane. Mellom anna er ho inne på fødselen og dei reaksjonane som fedrane skildrar for henne (Hagström 1999:144). Ho tek fram korleis forventningar til å få born syner informantane sine opplevelingar av farsidentitet, og på kva måte dei vurderar sine eigne fedrar i lys av sine praksisar (Hagström 1999: 192 og 200). Hagström tek òg fram korleis kjenslene til fedrar er del av farskapet deira, noko som eg er opptatt av i denne oppgåva.

I eit større perspektiv har antologien *Maskuliniteter i Nord* (Hauan 2007) vore relevant for meg. Der har eg fått innsyn i ulike forteljingar om kjønnskonstruksjonar av fedrar i lokale samfunn i det nordlege området i Noreg. Det vert syna korleis det kulturelle landskapet skapar avgjersler for menneska sine utformingar av kjønnsidentitet. I artikkelen ”Menn i krise” har antropologen Britt Kramvig skrive om den moderne far sine identitetar (Kramvig 2007:223) Kramvig ser på fedrar si utforming av identitet som produkt av historiske prosessar. Ut frå dette hevdar ho at fedrar ikkje lenger er ”forsørger” for ”moralsk oppdragning” og den såkalla ”familiens overhode”. Ho hevdar vidare at menn kan oppleva dette som negativt og at det skapar problem for deira forståing av seg sjølv som menn. Ein distinksjon som fortel om dette er tilhøve mellom bygde- og bymann, hevdar ho. Med å distansera seg frå bygdemannen, vert det enklare for den moderne bymannen å følja dei nye krava som til dømes kjem frå likestillingspolitikk. Ordet ”Harryland” peiker på bygdelandet som ein stad der menn ikkje lenger har mogleik til å nå fram til kvinnene sine lenger. Dei ikkje klarar å ”henge med” i det moderne samhaldet (Kramvig 2007). Denne problematiseringa mellom by og land er noko eg har teke med meg i metoden for denne oppgåva.

Boka *Making men in to fathers –men masculinities and the social politics of fatherhood*, tek

for seg fedrar i fleire land, og ser på fellestrekks og utfordringar dei har i høve til fedrar (Hobson 2002). Sosiologen Barbara Hobson tek opp omgrepa "cash and care" som to variablar som fedrar står overfor i dag. Der fedrar møter både omsorgsaspektet og "forsørgaren" som del av systemet i deira land. Boka tek opp ulike politiske løysingar mellom anna i Storbritannia, Sverige, USA, Tyskland og Ungarn (Hobson 2002). Delar av denne boka gav meg nærmere kunnskapar om tilhøve for fedrar i samtid, og nokre peikepinnar tilbake i tid. Hobson skildrar kva samfunnsmessige strukturar som er for fedrar, og utfordringane med desse (Bergman og Hobson 2002:92). Boka gav meg meir grunnlag for å finna relevante spørsmål til informantane mine og inspirasjon til å ta omsyn til 1970-talet sine samfunnstilhøver i eit eige kapittel.

Knut Kolnar er aktuell med si tolking av moderne film med omsyn til mannen. I boka *Mannedyret* (Kolnar 2005) finn han dømer på ulike måtar å uttrykke seg som mann i seinmoderne tid. I kapittelet om filmen "Falling Down" (Kolnar 2005:64) diskuterar han korleis dei maskuline idealet er dynamiske og kan skapa problem for menn om dei ikkje vil eller evnar å ta inn over seg dei nye normene som kjem med tida. Kolnar analyserar eit ekstremt tilfelle der hovudpersonen går frå å gjere "alt rett" som ektemann og far, til å ende opp som skilt og med ein pistol i handa. I denne filmanalysen vert det tydeleg at kodane for å vere mann endrar seg med tida, og om ein ikkje forstår det eller ynskjer å følje desse, kan ein verte skuffa. Sjølv om dette er ein film og eit ekstemt tilfelle, kan det likevel syne at når samfunnet endrar krav til menn, kan livsverda for ein far endre seg. Den syner at kjønn kan spelast ut på fleire måtar ut frå forståinga av ein sjølv.

I hovudoppgåva til etnologen Arild Knutsen *Nei, for en sot liten tulle!: maskulin identitet på 1990-tallet* (Knutsen 1997). Skriv han om ei gruppe menn som samlast for å diskutera korleis menn skal stilla seg i høve til feminismen og likestilingsspørsmål. Han peiker på kor ulike og mange forståingar dei har om seg sjølve som menn. Han syner i oppgåva kva kjønnsuttrykk som kjem fram i argumenteringa til desse mennene (Knutsen 1997). I høve til mi oppgåve er informantar sine måtar å argumentere ut frå kjønnsaspektet relevant, eg er vidare oppteken av korleis menn kan uttrykkje seg i høve til kjønn.

I boka *Farsrevolusjonen – fedre og maskulinitet i en ny tid* av psykolog Per Arne Løkke

(Løkke 2000), vert det kartlagt ulike måtar fedrar kan framstilla på i dag og tidlegare. Han understrekar at fedrar må verte tatt inn som omsorgspersonar, og at det er fleire fedrar som gjer dette. Såleis peikar han på problema menn som fedrar generelt har i høve til kvinner, og til seg sjølv, og aktuelle grunnar til kvifor det er sånn. Menn, hevdar han, tar for lite initiativ til å endre seg sjølv, men trass i dette er det noko som skjer med fedrar si stilling og den er han positiv til (Løkke 2000). Han er opptatt av at det er ”nye fedrar ” ein kan sjå i desse dagar. Løkke sitt perspektiv på fedrar er interessant for meg i høve til at han er oppteken av å setje ord på korleis fedrar kan forstå sin situasjon, men skildringane hans inneholder også eit tydeleg budskap: Han hevdar det er skjedd ein revolusjon for fedrar, noko som kan hevdast å vera ein sterk påstand.

Eg har også sett på historiske skildringar av fedrar. Historikaren John Gillis har i sin artikkel ”Marginalization and fatherhood in western countries” (Gillis 2000) skildra korleis far har ikkje berre vore ein førsørger, men også korleis han på 1600-talet hadde ansvar for borna sine. Dei skulle verte tatt hand om både i form av fysisk pleie, men også med religiøs oppseding. Vidare påpeikar Gillis at denne farsidentiteten må sjåast i høve til tilhøva, der det berre dei privilegerte menn som fekk mogleik til å innta denne stillinga for sine born (Gillis 2000:227). På denne tida var det også andre områder der menn kunne syne prestisje, til dømes som religiøse leiarar eller som riddarar. Dette har vidare vore relevant for meg i å kunne sjå korleis endringar i farsidealet kan identifiserast historisk og mellom anna sjå korleis fedrar og born har hatt relasjonar i tidlegare tider. Relasjonen mellom born og fedrar er del av mitt fokus i denne oppgåva og det er eit historisk perspektiv Gillis har syna på denne relasjonen.

Gangen i oppgåva

I kapittel 2 vil eg ta for meg metodiske utfordringar og forklara korleis eg har prøvd å løysa desse. Mellom anna handlar dette om etiske omsyn i høve til informantane eg har intervjuat. Samstundes ynskjar eg å tydeleggjera mitt eige utgangspunkt når det gjeld fedrar.

Kapittel 3 vil ha to målsetnader: For det første ynskjer eg at kapittelet i sin heilskap skal fungere som eit bakteppe for dei analysekapitla som kjem etter, spesielt med tanke på 1970-talet sine fedrar. For det andre vil kapittelet vere ei analyse av to avisar sine framstillingar av fedrar. Eg har analysert *VG* og *Klassekampen* i 1976 og 2006 og samanlikna desse.

I kapittel 4 vil eg gjera ei analyse av fedrane sine forteljingar om sine eigne fedrar. Dette kan vere med å peike på deira eiga forståing av det å vere far. Samstundes vil det syne korleis fedrane ser på å diskutera sitt farskap med deira eigne fedrar og andre menn generelt. I dette kapittelet vil eg òg sjå etter likskapar og ulikskapar mellom fedrane ut frå dei utvalde generasjonane.

I kapittel 5 vil eg nytte Oftung sine omgrep i analysen av forteljingane til fedrane. Det vil handle om deira opplevingar knytt til fødsel og samvær med eigne born. Fokuset til fedrane i høve til omsorg er noko av det som vert presentert i dette kapittelet. Eg avsluttar med å samanlikne informantane ut frå deira ulike ståstadar – 1970- og 2000-talet.

I kapittel 6 vil eg oppsummere funna i oppgåva.

Kapittel 2:

Metode og etikk

I dette kapittelet skal eg gjere greie for dei metodiske framgangsmåtane, og dei etiske omsyna eg har gjort i oppgåva. Her vil eg forklare kva refleksjonar og val eg har gjort undervegs i prosjektet og i skriveprosessen i etterkant. Utfordringane som har kome til i innsamlinga av material og handsaminga av det, vil såleis verte presentert her.

Først skal eg forklara kva det vil seie å nytte den kvalitativ metoden. Deretter vil eg gå nærare inn på det kvalitative intervju og det samspelet som føregår av kommunikasjon mellom subjekta som tar del i samtalen. Så vil eg peike på at tre av intervjeta er gjort i retrospektiv og korleis det har spela inn i mi tolking av intervjeta i etterkant. Vidare skal eg klargjere korleis eg fann informantar og kva informantutval eg har. Her vil eg kort fortelje om informantane og kvifor dei er valde. Dei etiske omsyna vil så verte presentert med omsyn korleis eg har anonymisert informantane og kvifor. Eg har òg henta material frå to aviser i denne oppgåva, noko eg vil grunngje og sjå nærare på i slutten av kapittelet.

Kvalitativ metode

I kulturvitenskapen er den kvalitative tilnærminga mykje nytta for å skildra kulturelle fenomen. Kvalitatitt innsyn i ein kultur tydar å leite etter og forstå fenomena i kulturen ut frå kvalitetsmessige omsyn, framfor kvantitet eller talet på fenomena (Repstad 1993:10). Såleis kan den kvantitative metoden heller sjåast i samanheng med statistiske utgreiingar, der ein grovt kan seie at målet er å ta fram dei konkrete eller generelle enkeltfenomen i kulturen (Repstad 1993:11). Gjennom den kvalitative metode er ein nærme sitt studie, ein studerar menneske sine ulike opplevingar av livsverd og der ein er oppteken av meiningane dei har og innhaldet dei tilskriv samfunnet kring seg (Fangen 2009). Eg har vore oppteken av ulike trekk hos fedrar i korleis dei opplev og kva dei fortel om si tid med borna sine når dei er små. Den empirien eg har henta inn fortolkar eg, og den kvalitative metoden vil då vere til hjelp når eg skal få innsyn i kva som kan finnast av opplevingar hos fedrar i samband med deira identitet som menn (Repstad 1993:15). Eg ynskte å fortolke desse med omsyn til haldningar, verdiar

og forklaringar som subjekta har og tenkjer med (Alver og Øyen, 2007:128). I mitt prosjekt er den kvalitative metode, og spesielt det kvalitative intervju som metode sentral, fordi eg er oppteken av eit utsnitt av fedrar sine forteljingar og å gjera ei deskriptiv studie av desse. Eg ynskte å skildre mykje om eit tema, og eg såg etter trekk som kan vere avvikande, særmerkt og unikt innan dette. Ein møter kulturen på den kvalitative metode sine premiss ved å vere medviten at ein skaper kjelder i møtet mellom seg sjølv, som forskar som delaktig subjekt, og menneska som forskast på (Alver og Øyen1997:130).

Det kvalitative intervju – eit samspel

For masterprosjektet mitt er det kvalitative forskingsintervju eit metodisk verkty som hjalp meg i å skapa djuptgående informasjon om menn si identitetsskaping, som fedrar. Steinar Kvale definerar det kvalitative intervju på denne måten:

The qualitative research interview attempts to understand the world from the subjects points of view, to unfold the meaning of their experiences, to uncover their lived world prior to scientific explanations (Kvale 2009:1).

Kvale tek fram kjerna i det kvalitative intervjuet – ein ynskjer å identifisere og forstå informantane sine ulike livsverder gjennom å snakke med dei. Ein kan såleis velje å tilnærma seg intervjuet på to måtar, hevdar Kvale, anten som ein gruvearbeidar eller som skildringar av ei reise (Kvale 1997:19-20). Førstnemnte tek sikte på at den kunnskapen som kjem fram under gravinga – intervjuet, er heilt og fullt autentiske ”funn”, der verken transkriberinga, eller hans eigne oppfatningar påverkar resultata. Sistnemte vel å reise og ser på skrivinga som si eiga fortolking av reisa ho har vore ute på. Intervjuet vert ei primærkjelde skapt med innverknad frå forskaren og informanten, medan gjenforteljingane og tolkinga av reisa kjem sekundert, og endrar seg med nedskrivinga (Kvale 1997:20). Ifølgje folkloristen Marit Anne Hauan kan det kvalitative intervju vidare sjåast på som samtalar til kunnskap, eller kunnskapsamtalar. Intervjuaren og informanten skapar saman ein samtale med føremål om kunnskap (Hauan 2006:8). Fedrar sine liv inneheld erfaringar og ulike opplevingar av kvarldagen, som eg fekk tilgang til saman med dei igjennom det kvalitative intervjuet. Igjennom formuleringane av ulike forteljingar kan informanten gje liv til sine erfaringar, og gje mogleik til å tolke og forstå deira oppleving av å vere far.

Retrospektiv på forteljingane

Eg kunne ha ynskt meg eit glimt av fortida, men det informantane hugsar frå si tid i 1970 er prega av tida etter òg. Informantane frå 1970-talet har, til forskjell frå dei i 2000, erfart ei anna tid som ligg kring 30 år tilbake. Samstundes ligg sjølvsagt samtidene sine forventningar nært for dei, men den yngre gruppa informantar har små born framleis, og eit litt nærrare medvit til å tale om dette. Difor får den eldste generasjonen ei utfordring når dei må tenke tilbake til 1970-talet.

Såleis hadde eg med meg at retrospektivet er naudsynt i høve til forteljingane til dei eldste informantane. Å intervjuer informantane i retrospektiv gjer at ein ynskjer å få grep om den subjektive opplevinga deira i høve til noko som har skjedd tidlegare i deira liv. På denne måten var det ikkje min intensjon å kartleggje kva som *faktisk* skjedde, som å finne ut i kva grad borna og ektefellane vil seie seg einige i at informantane opptrødde på den måten dei fortalte meg. Det var heller mitt mål å sjå på korleis dei kan hugse i samtidene å ha *opplevd* tida med born på 1970-talet (Kondrup, 1994:35). Det vil ikkje vere mogleg å få eit ”rett” biletet av fortida ut frå berre minnet, fordi det skiftar både med tida og med konteksten. Inntrykka ein får underveis med tida formar korleis ein ser tilbake (Repstad 1993). Den fortida dei skildra var difor deira konstruksjon ut frå forståinga av notida og endringane var farga av nye perspektiv ut frå dagens liv, dermed ser ein ting annleis no (Kondrup, 1994:24). Eg ynskte å få skildringar om kva dei *hevdar* skjedde tidlegare. Eg var som nemnt ute etter forteljingar om deira eigne opplevingar og vil ut frå desse sjå kva deira farsidentitet kan innehelde.

Å setje ord på det gitte

Det er haldingar til kvardagslege gjemål og praksisar eg har vore ute etter å spørje informantane om. Det kvardagslege kan ofte forståast som noko gitt, og difor vil eg hevde at det var ei utfordring både for meg og informantane å ha ein samtale om dette. Når eg intervjuer informantane om kva dei gjorde på ein vanleg dag, så kunne det oppfattast som vanskeleg og til og med rart å svara på. Det å setje ord på noko som kan vere så nærliggande og opplagt, kan gjere at ein ikkje veit kva ein konkret skal fortelje, og korleis ein skal gjere det. Fleire av informantane gav meg innspel til vinklingar som eg kunne dra nytte av i intervjuet som kom i etterkant. Under intervjuet mine var eg, så langt som råd, medviten om at eg ville kome over såkalla ”glansbilete” - svar. Informantane kan helde seg på ei ”overflate” av dei meir politisk

korrekte slutningane når dei svara meg. Alle informantane syna undervegs i intervjeta at dei var innforstått med korleis det politiske biletet om fedrar er i notida. Å vere merksam på desse svara opna opp for å kunne seie noko om samfunnet sine måtar å handsama fedrar i desse dagar. Vidare kan politisk korrekte utspel seie nok meir enn berre forteljinga i seg sjølv. *Måten* det vert presentert på kan vere avgjerande (Eriksen og Selberg 2006: 161). Med dette i botn prøvde eg å lese meg opp på aktuelle diskusjonar kring fedrar, for at det kanskje kunne hjelpe meg å forstå og kome nærmere inn på kva informantane faktisk fortalte meg. Eg ynskte å forstå forteljingane dei kom med på deira premiss. Vidare er det viktig å gje noko av seg sjølv i ein dialog, difor har eg prøvd å kome med eigne forteljingar om kva eg har lese eller høyrt om fedrar for å få ein god samtale. Eg hadde eit ark framføre meg undervegs i intervjuet med både ferdige spørsmål og kvart enkelt tema. Det var greitt å ha nokre spørsmål klare og vidare ha nokre tema uthøva for å kunne hugse å gripe tak i dei om informantanen tok dei opp, eller sjølv spørje når det passa seg. På denne måten kunne samtalane helde seg formålsretta (Hauan 2006:10). Det var mitt ynskje å skapa ein kontakt som var avslappa nok for begge to å halde seg til (Alver og Øyen, 1995). Intervjeta tok i snitt kring førti minutt for kvar informant. Dei fekk på førehand vite at diktafonen kunne vere noko uvant i byrjinga, på same måte som for meg. Eg poengterte at det ikkje var noko hast med å svara meg, og dei måtte gjerne ta seg tida til å tenka undervegs i intervjuet.

Å få tak i informantar

Eg gjekk via vene og familie for å finna fram til informantane og nytta den såkalla snøballmetoden for å finna intervjusubjekta. Når ein nyttar snøballmetoden går ein via andre og gjer det kjent at ein treng informantar, og får forslag til aktuelle deltakarar av dei ein spør (Alver og Øyen 1997). Då eg skulle vurdere korleis eg skulle få tak i informantar, tenkte eg først på å gå igjennom ulike arbeidsplassar, og henge opp oppslag om at eg ynskja fedrar til intervju, men fann ut at det ikkje nødvendigvis var optimalt at fleire av deltakarane kunne kome til å vite om kvarandre, for deretter å kjenne kvarandre igjen i den ferdige oppgåva. For det andre ville det å oppnå frivillige ut frå eit oppslag truleg ta mykje tid, for det krev at potensielle informantar tydeleg kan sjå det. Samstundes vil eg òg hevde at oppslag må ha vore lett tilgjengeleg i ein lengre periode, for at nokon skal ta kontakt. Eg gjekk ut frå at det ville vere enklare å be kjenningar av meg gjere ei veneteneste og fortelje til potensielle informantar om mitt prosjekt, enn å nå fram til heilt ukjente folk med spørsmål om deira kvardagsliv.

Desse avgjerslene kjem altså mest ut frå kva tema eg har og at eg haldt meg til to generasjonar. Å intervju om fedrar sine opplevingar av å vere far, kan først verke noko abstrakt eller vanskeleg å setje ord på, og kunne difor vore eit hinder for å kontakte meg.

Ulempa med å bruke kontaktnettverket til kjenningar av meg, er at den ein intervjuar vil vere innforstått med at det er ein relasjon mellom forskar og felles kontaktperson under prosessen, noko som kan verke inn på kva informanten ynskjer å dele av tankar i ein samtale. Det kan vere at informanten ikkje ynskjer å vere heilt ”oppriktig” i sine svar, sidan det kan påverke eit venskap. Eller det kan vere positivt med omsyn til at forskaren og informanten har ”noko(n) til felles” og samtalen kan førast med den tryggleiken i bakhovudet. Utfordringa her var òg at informantane er del av mitt og vene sine nettverk, noko som igjen kan avgrensa kva personar eg får tak i, og at vi kan tilhøyre same ”miljø”.

Ei anna side med å nytte eige nettverk er at eg ikkje har direkte kontroll over korleis prosjektet mitt (og eg som person) vert meddelt til potensielle informantar, fordi det ikkje er eg sjølv som tar den første kontakta. Eg bad difor dei som gjorde det om å ikkje gå spesifikt inn på min bakgrunn innan studiet av kjønn og kultur. Grunnen er at dei kunne få eit endå sterkare inntrykk av at eg skulle intervju dei om i kva grad dei var likestilte, før eg fekk mogleiken til å forklara og presentera meg i eit eige brev. Denne vurderinga kjem ut frå eigne erfaringar som eg har møtt i høve til det å fortelje om mi interesse for kultur og kjønn, der responsen fort ender i diskusjonar om politikk. Eg kan sjølvsagt ikkje vite om alle mine kontaktar tok omsyn til det ynskje, men det er likevel noko eg er medvit om. Samtykket deira skal basere seg på det formålet oppgåva faktisk har, og dei som spurde meg fekk ærlege tilbakemeldingar. Ingen spurde meg om kvifor eg hadde vald dette temaet før samtykket. Dei kom som regel med spørsmål rett etter intervjuet.

Då informantane meldte si interesse vart dei kontakta via e-post og/eller telefon av meg, der eg kort forklarte det praktiske kring intervjeta og takka dei for at dei ville ta seg tida. Deretter sendte eg brev med informasjon om prosjektet sitt føremål. Brevet skulle både syne kven eg er i høve til fagbakgrunn og vidare praktiske tilhøve i høve til intervjustituasjonen. Dei etiske og lovmessige rettane vart kort presentert for dei som ei forsikring om at dei hadde innsyn i desse i forkant av intervjuet både munnleg og skrifteleg (Appendiks 1, vedlegg 1). I samband med den informasjonen dei fekk i brevet var det naudsynt at eg tok tak i deira frie samtykke,

der informantane ikkje skal tvingast eller pressast til å delta i forskinga. ”Fritt” samtykke treng ikkje berre handla om å ikkje presse dei. Å dele ut presangar eller gje anna form for honorar for at dei skal delta, kan vere eit døme på uetisk forsking (Fosshheim 2009). Følgjebrevet skulle då gje dei informasjonen dei trong for å forstå relevante trekk ved deltakinga og hovudtrekka med prosjektet, og ut frå det ta ei avgjersle.

Kriteriar for informantutvalet

Mitt informantutval er på 8 informantar. Sidan dette er eit prosjekt basert på kvalitativ metode, var eg ikkje ute etter ein statistisk representativitet, men tok sikte på å nå eit nyansert utval av informantar (Fogh 1996: 204). Informantane kan delast inn i to grupper fordi dei er valt ut med omsyn til to generasjonar. Den eine generasjonen hadde små born på 1970-talet og den yngste har små born på 2000-talet. På denne måten er oppgåva retta mot ei gruppe fedrar, og på ingen måte alle. Til dømes har eg ikkje tatt med aleinefedrar eller homoseksuelle fedrar i denne oppgåva. I høve til dei kjenningane eg kontakta for å finne den eldste generasjonen, var det lettare å nå fram til fedrar i heterofile parrelasjonar. Eg har eit kjønnsperspektiv i denne oppgåva og difor valde eg å sjå på kjønnsuttrykk innan denne form for parrelasjon.

Eigenskapane til informantane er òg vald fordi eg ynskte å lage ei viss ramme for kva livsstil dei kunne ha. Alle informantane bur saman med familien og legg opp kvardagen ut i frå det. Eg kontakta fedrar med ulik yrkesbakgrunn, og nesten alle har høgare utdanning. Deira livserfaringar som utdanning og yrke kan òg gjera ein forskjell for informantane når dei har samtale med meg. Utdanninga kan leggje det enklare til rette for dei å setje ord på refleksjonar kring deira livstilhøve. Ein annan faktor som kan spele inn er geografisk variasjon, og ut frå kva eg fekk vite er den heller liten innan for desse gruppene. Som småbornsfedrar budde dei alle i omeng av ein større by. Variasjonen kjem meir inn i biletet når ein ser på deira oppvekst.

Informantane

Alle informantane i den eldste gruppa vaks opp på gard noko som kan gjera forskjell i høve til kva mogelege praksisar dei gjer seinare. Dette kjem meir fram i kapittel 4, der informantane fortel om eigne fedrar. I denne gruppa er det tre fedrar og eg har vald å kalle desse for Nils, Birger og Tor. Namna er vald for å passe deira generasjon, for såleis gjere det enklare å helde

oversikt over dei i teksten. Alle tre har ulike arbeidserfaringar innan byggebransjen, kommunen, undervisning på yrkesskule, medisin og psykiatri. Alderen deira er seksti til kring sytti år. Frå den yngste generasjonen kom eg i kontakt med fem informantar. Det var altså enklare for meg å skapa kontaktar i denne generasjonen fedrar. Desse informantane har eg gitt namna Hans, Andreas, Petter, Stian og Espen. I denne gruppa er ein utdanna innan militærret, ein er sivilarkitekt, ein er kjemikar, og to arbeidar innan psykiatrien, men med ulike fagbakgrunnar. Alderen på denne generasjonen er frå seint tjueåra til tidlig førtiåra.

Etiske vurderingar

Mine forforståingar av fedrar

Ifølgje dei forskingsetiske retningslinjene som gjeld for dei humanistiske felta, krev det frå forskaren at ho eller han skal ha respekt for andre sine verdiar og haldningar, særskilt om dei skil seg mykje frå ålmenta sine eller sine eigne (NESH 2009:B18). Min nærliek til materialet og tidlegare erfaringar i høve til temaet fedrar, vil innverke på resultata. Å vere medviten sine eigne forståingar av fedrar kan forklara mine tolkingar og interesser innan emnet, og difor ynskjer eg å klargjere desse (Ehn og Klein 2007). No vil eg kort gjere greie for mine referanserammer og ynskjer når det gjeld fedrar og kvifor eg har desse. Eg tenker på den gode far som ein omsorgsfull, trygg og involvert person. Ein som er tilstades i borna sine liv på fleire måtar. Han har tid til å hjelpe borna sine med dei naudsynte dagelege gjeremåla, som å hjelpe dei med lekser, køyra dei til fritidsaktivitetar, setter grenser for dei og syner seg sjølv som døme på desse. Vidare vil han nytte tida saman med borna utan at mor er tilstades, og det handterar han på ein god måte. Om borna ynskjer det, lèt han dei ha besøk av vene heime og kjänner til kven desse er. Huset er såleis ein stad som borna kan invitere vene til. Skildringane mine syner korleis ein ynskjer å verte tatt vare på av sine fedrar, og ikkje refleksjonar kring korleis fedrar sjølv kan oppleve sine handlingar i høve til born. Eg trur ikkje fedrar alltid er, eller har mogleik til å vere den eg set fram her. Tankane eg har gjort meg i høve til fedrar kviler på min eigen bakgrunn, og har innverka på korleis eg nærmar meg temaet fedrar. Eg er klar over kva haldningar eg har og ynskte difor å la desse ligge så langt det var råd. I etterkant vart eg likevel meir merksam på korleis min inntreden i materialet kom til uttrykk og kva det sa om meg. I nokre av intervjuia kjem mi haldning til fedrar fram (Ehn og Klein 2007:12). Mine haldningar frå mi samtid utfordra nok dei eldste fordi dei var fedrar

på ei anna tid og hadde difor fleire referansar å helde seg til i intervjuet. Det var spesielt ein som tala om sine borneborn og det kunne nok gjere hans refleksjonar kring emnet enklare å tale om, enn for dei andre to. Som eg skildra kan idealfaren kjenneteiknast med at han har ein tryggleik som forelder og i relasjon til borna. Den omhandlar ikkje spesifikke forventningar om kjønn frå mi side. Kjønnsperspektivet er som nemnt med fordi eg har eit personleg engasjement i det. Eg ynskte vidare å nytte denne interessa for å løfte fram menn som omsorgspersonar og vidare velje eit emne som omhandlar fleire i samfunnet.

Tillita og balanse i forskinga

Tillita mellom forskaren og informanten bør òg vurderast med omsyn til etiske tilhøve. I denne prosessen har eg fått fleire frivillige fedrar til å bruke av si tid for å fortelje meg om sine liv og synspunkt. Tillita til mine vurderingar under heile prosessen er viktig å vere medviten om for dei. Det er ynskjeleg at dei stolar på meg, slik at materialet som produserast både er etisk forsvarleg og byggjer på allmenne fornuftige avgjersler og refleksjonar av meg (Alver 2009). Møtet med informantane har påverka meg i mi forståing av fedrar igjennom praktiseringa av intervjeta, såleis har intervjugospørsmåla endra seg noko undervegs. Eg fann andre og nye emne å spørje om ut frå kva dei fortalte meg. Det er avgjersler som eg må ta undervegs i intervjugprosessen i høve til kva som kan vera relevante spørsmål. Mitt forhold til informantane har naturlig nok endra seg til meir personlege relasjonar sidan eg møter dei, og driv med forsking der empati og forståing er sentralt for resultata. Samstundes er den analytiske avstanden til materialet og ei profesjonell haldning undervegs like viktig for korleis utfallet vert. Når intervjeta skal nedskrivast og fortolkast kan mine vurderingar og teoriar om materialet ikkje nødvendigvis gå heilt i tråd med kva informantane hadde førestilt seg. Difor må eg vere klar over at ein balansegang mellom deira forhåpningar og mine tolkingar er naudsynt (Alver og Øyen 1997:132).

Intervjeta føregjekk både heime hos informantane og på andre stadar som eg føreslo. Dei yngste såg det oftast som enklast å møta meg andre stadar enn heime, sidan dei hadde så små born at det kunne vere vanskelig å sitta uforstyrra der. Eg såg det som eit betre høve å ha intervjeta der det passa dei best og då ta omsyn til stadar dei var mest komfortable med. Sjølv om det kan på fleire måtar vere ei god løysing å sitta heime hos informantane, for å møte dei i ”trygge omgjevnadar”, valde eg å spørje dei først (Alver og Øyen 1997:134-135). Dilemmaet

med å sitje ute i det offentlege kan vere at folk flest er medvitne om at andre er i nærleiken, og til og med kan få med seg kva dei seier om dei kjem forbi, eller vert sitjande og lytte. Som nemnt valde eg ta omsyn til informantane sine ynskjer, og difor møtte eg dei fleste på ulike kafear. To av mine informantar fekk eg treffe på arbeidsplassen etter at dei var ferdig på jobb, noko eg syns fungerte bra i høve til at vi fekk ha ein samtale heilt uforstyrra. Ein av informantane fekk eg treffe heime, dette fungerte òg veldig bra.

Anonymisering av material

Intervju førar alltid til at fleire er involvert enn dei som har gitt sitt samtykke om å verte med. Andre personar som informantane taler om kjem med underveis i samtalen. Difor tok eg omsyn til at det vil vere tale om ein ”tredjeperson” i alle intervjuia (NESH, 2009:B 11). I dette tilfellet vil det seie informantane sine sambuarar, felles kjenningar og ikkje minst borna deira. I NESH sine rettningslinjer står det:

Intervju (...) fører gjerne til at forskeren får informasjon om langt flere personer enn dem som står i fokus for studien. Forskningen kan få virkninger for privatliv og nære relasjoner hos personer som ikke selv inngår i forskning, men som trekkes inn som nærliggende til informantene (NESH, 2009:B 11).

Det vil vere uheldig om forskinga skulle endre negativt på informantane sitt tilhøve til personar som står dei nær, sjølv om eg ikkje fekk inntrykk av det. Likevel er deira engasjement som informantar noko dei må få mogleik til å vurdere underveis i prosessen, og ikkje berre i forkant. Ein ”tredjeperson” si involvering i denne samanheng kan tyda ei negativ eksponering, men dette hendte ikkje slik eg vurderte det. Informantar kan vegra seg for å tala nedlatande om nokon som står dei nær, men ikkje alltid. Difor er det greitt å ta denne vurderinga med i prosessen, fordi kva som kan hevdast å vere eksponering av ”tredjeperson” er subjektivt, og ikkje opp til meg å ta stilling til åleine. Eg anonymisert alle transkriberingane med omsyn til NESH sine rettningslinjer om ”tredjeperson”. Det vil seie at eg har skrive transkriberingane ut med fiktive namn på alle nemnte personar og satt alle spesifikke referansar som dei kjem med i klammer. Til dømes er namn på arbeidsstad og namn på kvar dei bur anonymisert. Samstundes vil eg ikkje ta vekk all informasjon om korleis dei bur eller kva dei jobbar med om dei skildrar dette, fordi eg ynskjer å syne, så langt det er etisk forsvarleg, at dette er verkelege personar og at dokumentasjonen er gyldig (Alver 2009).

Når ein skal transkribere bør ein ta høgde for korleis ein ynskjer dei skal kome til nytte (Kvale 2001:104). Med utgangspunkt i at eg skildrar forteljingar av fedrar i høve til familie, og deira tankar kring farsidentitet, er kjensler ein del av transkriberinga. Det emosjonelle i teksten er med når den er transkribert. Dette nivået kan til dømes kome fram igjennom korleis informantane ordlegg seg, i form av pausar dei tek, og om dei skiftar tema og liknande. Med omsyn til at dette kjem med i teksten, har eg vald å anonymisera dialekta til informantane når eg siterar dei i oppgåva. Ein av grunnane til at denne anonymiseringa handlar om korleis informantane framstår i oppgåva. Dei kan framstå noko annleis enn i sjølve intervjustituasjonen, for teksten i oppgåva er henta frå deira munnlege språk. Dialekt kan gje inntrykk av informantane ordlegg seg rart, er uryddige verbalt og liknande, sjølv om dette ikkje var tilfellet under intervjuet. Eg har anonymmisert dialekta for ta etisk omsyn til informantane. Eg valde difor å omsetje alle utdrag frå samtalane i oppgåva til nynorsk.

Materialet eg samla inn transkriberte eg for så å sende heile teksten tilbake til informantane for deira samtykke. (Appendiks 1, vedlegg 2). På denne måten har dei fått mogleiken til å lese igjennom og sjå akkurat korleis og i kva grad eg har valt å avidentifisera dei. Dei fekk alle mogleiken til å ringe meg om det var spesifikke delar dei ville ta vekk eller hadde noko dei ville rette meg i dette brevet. Dei fekk ein svarfrist på fjorten dagar og ein frankert konvolutt som dei kunne sende meg tilbakemeldinga i. Dei som ikkje haldt fristen kontakta eg per e-post eller på tekstmelding. Eg ringte dei ikkje, fordi eg tenkte at det ville vere enklare for dei å svare meg skriftleg om dei hadde ombestemt seg, og ikkje ville delta likevel. Alle svara meg per post eller på mail. Alle opptaka og alt material handterar eg konfidensielt ut frå NSD si tilråding. I mitt tilfelle vil det seie at eg har oppbevart dette på stadar der det ikkje skal kunna vere lett tilgjengeleg for andre enn meg. Eg har signaturar og deira verkelege namn innelåst, og lydopptaka er lagra med deira fiktive namn på PCen min med passord. Denne avgrensa tilgongen byggjer spesielt på at informasjonen er sensitiv (Fossheim 2009). Eg er plikta til å teie om det materialet eg samlar inn ifølgje rettingslinjene om omsyn til personar (NESH 2009: B14). Samstundes har eg tatt omsyn til NSD si tilråding om å sletta alle lydopptak etter masteroppgåva er ferdig, det vil seie innan utgongen av år 2010.

Media som kjelde til samfunnsforståingar av fedrar

I tillegg til intervjuia frå desse to generasjonane, har eg sett på ei anna kjelde. Eg byrja lese

aviser som vart utgitt då informantane hadde små born. Dette gjorde eg for å få eit klårare bilet av samfunnet sitt språklege uttrykk om menn som fedrar, for å forma ei meir heilskapleg forståing av dei to generasjonane sine tilhøver. Med omsyn til analysene av intervjeta, kan det vere greitt å forstå litt meir av interesse for fedrar på 1970-talet i høve til 2000. Såleis kan eg gripe noko av forventningane i tida til menn når det gjeld familie, og vidare skapa eit bakteppe for informantane sine forteljingar. Avisene kan vere med å forklara informantane sine svar under intervjeta og supplera med kontekst kring det dei fortel meg. Særskilt kan avisene vere til hjelp for å forstå informantane sin ståstad i 1976, for som nemnt er denne tida fjern for informantane og ikkje minst meg som intervjuar. Media sine framstillingar av fedrar kan seie noko om kva som var vanleg å diskutere og snakke om i den tida det gjeld, og slik fremje både ei tabloid og ålmenn ”stemme” om fedrar sin framtreden i samfunnet. *VG* valde eg for å få eit innsyn i ei tabloidavis sine framstillingar, medan *Klassekampen* tok eg med i forsøk på å sjå om den framstiller fedrar/menn oftare, eller på ein annan måte. *Klassekampen* er kjend for å ha meir stoff om kjønnsperspektiv i notida og om kvinnefrigjeringa på 1970-talet, og eg gjekk ut i frå at desse krava kunne fremje noko om fedrar. Det er berre reportasjar og artiklar som er med, ingen lesarinnlegg. Eg har fokusert på 1976 og 2006, fordi desse avisårgangane ligg nærast opp til den tida informantane byrja å få born. Avisene eg har vald er to av dagens riksaviser, *Klassekampen* og *VG*.

Avisa *VG* eller *Verdens Gang* er ei norsk tabloidavis som i følje SSB har vore distribuert sidan 1945 og har det største opplaget av alle dagsaviser i Noreg i 2009 på 284 414 aviser (SSB 2009). Lesarar av den kan både finne den på nett og kjøpe den i papirutgåve og alle årgangane har dei publisert på nett. Eg vil i samband med dette leggje til at det kunn er tre av vedlegga i oppgåva som eg har scanna inn sjølv, og desse er noko klårare enn dei andre. Vidare er den ei såkalla partipolitisk sjølvstendig avis (www.wikipedia.org). Den kan såleis stå for ei meir ålmenn side av samfunnet sin måte å tale om fedrar på. Distriktsaviser eller meir konservative aviser kunne eg òg ha vald, men i mitt tilfelle valde eg ei tabloid avis med stort opplag, for nettopp å sjå på deira ålmenn omtale av fedrar. *Klassekampen* kalla seg sjølv for venstresida si dagsavis, og har ei litt anna historie enn *VG*. Den byrja som ei marxist-leninistisk arbeidaravis då den kom ut første gong i 1969. Først i 1977 vart den å rekne som riksavis, framleis prega av ideologien til AKP -ml, og var sentrert kring denne fram til 1991(www.klassekampen.no). Avisa kjem som dagsavis i desse dagar, men har vore igjennom fleire endringar undervegs, grunna turbulens innan redaksjonen. I dag har den eit

mykje lågare opplag enn VG, på 6500, men har hatt ein topp på 10.000 på 1990-talet (ibid.). Denne valde eg fordi eg gjekk ut frå at den omtala noko om rørsla som var kring kvinner og menn sine høver i 1976 og den har oppslag i dag som tek opp kjønnsperspektivet. Andre aviser kan òg syne noko om kjønnsperspektivet, men eg er ute etter korleis dei eksplisitt omtalar dette difor valde eg *Klassekampen*.

Avisene frå 2006 er henta frå arkiva på internettsidene til VG og *Klassekampen* og eg har nytta ulike søkeord med søkefunksjonen ”fritekst” her. Orda eg nytta kjem eg tilbake til i neste kapittel. For å kunne dra nytte av ein sökemotor på nett må ein kunne vurdera korleis ein skal söka. Dei omgrepa eller ordsamansetninga ein nytta i dag vil kanskje ikkje gje same, eller dei ynskte resultata i 2006 som i 1976. Eg nytta ulike sökeord og ordkombinasjonar, og byrja etterkvart å forstå meir av kva saker eg kunne sjå på, om eg skulle nå fram til fedrane. Husmor-omgrepet kunne til dømes syne noko om fedrar i 1976, og i 2000 kunne pappa-omgrepet gjere det same, noko eg kjem tilbake til i neste kapittel. Det var berre *Klassekampen* i 1976 eg ikkje hadde tilgang til digitalt, og på denne måten fekk eg ein anna tilgang i denne årgangen. Dette kan ha gitt meg eit meir heilskapleg utsnitt av tida, fordi eg måtte lese igjennom nesten heile avisa, og eg såg korleis avisa var i sin heilskap.

Kapittel 3:

Framstillinga av fedrar i VG og Klassekampen

1976 og 2006

I dette kapittelet ynskjer eg å gje ein presentasjon av dei to norske riksavisene *VG* og *Klassekampen* sine framstillingar av fedrar. Eg valde årstala 1976 og 2006, for så å avgrensa tidsrommet til tre månadar, januar til mars. Desse tre månadane valde eg for å ta omsyn til kvinnedagen 8. mars. Som nemnt er årstala vald fordi det var på denne tida fleire av mine informantar fekk sine første born. Ut i frå at *Klassekampen* er ei partipolitisk avis, medan *VG* hevdast å vere uavhengig, ynskja eg med desse to avisene å få eit breiare oversyn over tida. Eg gjekk inn med ei forventing om at *Klassekampen*, ut ifrå deira ideologi, hadde meir stoff om fedrar enn *VG* der ein kunne forvente fleire oppslag om kvinner og menn si stilling i samfunnet.

Kapittelet er vidare meint som eit bakteppe for dei seinare analysekapitla i denne oppgåva, der målet er å få ei beitre forståing av korleis avisene tek tak i fedrar som aktørar i samfunnet, spesielt med omsyn til den eldste generasjonen fedrar. Avisene kan tilføra ein breiare kontekst av tida som informantane held seg til i intervjuet. Både krav og forventningar i samfunnet til fedrar kan speglast i avisene, og gje innsyn i samfunnet sine måtar å tenke familie på. På kva måte er fedrar omtalt i avisene i høve til born og familie? Kva kontinuitetar og endringar fins i denne 30 årsperioden?

Først vil eg greie ut om kva saker eg kom over i mi lesing og søk i avisene for å gje eit kort oversyn. Etterpå vil eg syne enkeltartiklar og reportasjar eg har vald ut for å analysere desse. Alle avisinnlegga som er sitert i frå er lagt ved bak i oppgåva (Appendiks 2). Diverre er ikkje alle avisvedlegga i ynskjeleg kvalitet. Dette skylast primært kvaliteten på råmaterialet som var tilgjengeleg. I analysa av desse vil eg mellom anna sjå på kva omgrep som er nytta, samanhengane mellom dem er nemnt i som fedrar, og korleis avisene gjev dei merksemde. Eg går fram kronologisk og byrjar med *VG* i 1976, og avsluttar med ei samanlikning mellom

oppslaga frå 1976 og 2006.

Oversyn over fedrar i Klassekampen og VG i 1976 og 2006

Reportasjane og artiklane i begge avisene er både av typen ”heime hos”-reportasjar og meir eksplisitt politisk relaterte artiklar. Såleis er det fleire sjangrar representert i avisene, og ut frå at det var eit lite utval av tekstar relatert til fedrar, har eg difor latt tekstane i 1976 styre noko når eg leita i avisene i 2006. VG har digitalisert alle sine avisar frå 1976 og eg har difor ikkje lese gjennom alle avisene, men leita med ulike søkeord på www.VG.no. Eg nytta orda: ”fedre”, ”far”, ”farskap”, ”mannsrolle”, ”kjønnsrolle”, ”mødre”, ”kvinnedel”, ”menn sin rolle”, ”familie”, ”barnehage”, ”foreldre”, ”born”, ”arbeid” og ulike kombinasjonar av desse. Med desse søka fann eg tekst som var av politisk art, og festa til ulike sider av kvinnekampen, men òg saker om menn i høve til arbeid, sport og liknande. Fedrar og det å vere far kjem lite fram i avisene generelt, særskilt i 1976, men det er likevel noko dei kan syne i måten dei omtalar kvinner og menn som samfunnsaktørar på. Fleire av avisene har tekster om kvinner sin situasjon og innlegg om familiepraksisar, som til dømes barnehagedebatten. Desse tekstane gav ein form for perspektiv på fedrar og menn.

Om ein tar VG i 1976 først, så kan ein få eit inntrykk av at det var vanleg at kvinner med born var heimeverende, men at nokre hadde deltidsjobb, og fleire byrja få det. Avisene framstiller fleire diskusjonar om kvinner i høve til arbeidslivet og saker om det å vere heimeverende mor. Spesielt er barnehagedebatten framtredande i samband med desse. Eg tolkar dette til at menn i større grad var gitt i rolla som arbeidstakarar, og at sidan nokre kvinner hadde deltidsjobb, kan det forståast som at menn stod for hovudinntekta i familien. Fedrar eller farskap som omgrep var lite nytta.

VG i 2006 hadde mange bilete og ”sensasjonoverskrifter”. Dei tek fram foreldre si rolle, men går ikkje spesifikt inn på kjønn som avgjerande når dei omtalar familie. VG diskuterar ikkje fedrar som fedrar, men omtalar dei, og tildelar dei meir plass i 2006, då dei nytta orda pappa og far oftare enn i 1976. I 2006 har difor det språklege biletet på fedrar endra seg i VG sine reportasjar. Dei første treffa i mitt nettsøk på ”fedre” tek til dømes opp at det er fleire fedrar som reagerar på at dei ikkje har rett på tid med borna sine etter ei skilsmisse. Vidare er det

skrive om korleis fedrar som vel tid med born ikkje vert møtt på same måte som kvinner når dei vil velje å ha meir fokus på familie enn på karriere. Ei anna sak tek fram ein familie der bornet har to fedrar og to mødre, det er såleis referert til at bornet bur hos sine homofile fedrar og hos sine lesbiske mødre. Dette er nokre døme på andre arenaer der fedrane trer fram i 2006.

Klassekampen var i 1976 finansiert av AKP-ml og var difor mykje prega av rørsla si måte å forstå både den globale verda, og Noreg sin plass i den. Den er tydeleg partipolitisk sett i høve til *VG* same året. Fleire artiklar og reportasjar syner deira politiske ståstad, og spesielt desse månadane var det vist til korleis ein kunne sjå til land som Kina for inspirasjon. Førstesida av *Klassekampen* den 4. mars 1976 var i all hovudsak relatert til kvinnekampen sine parolar. ”Selvbestemt abort, kvinnelønn, kvinnesyn og flere daghjem” og dette var igjen del av kampen mot fascism og imperialism. Kvinner og menn var oppmoda til å arbeide og å kjempe for desse sakene. Menn er aktive i rørsla, men det var få artiklar som tok føre seg deira eigen posisjon i høve til familie på same måte som kvinner aktualiserte sine utfordringar. Avisa *Klassekampen* har i 2006 vorten noko meir dempa sidan 1976, men har framleis ei tydeleg kritisk haldning ut frå den venstre fløy i det politiske landskapet. Avisa sine artiklar er noko meir djuptgåande i 2006, enn dei meir agiterande tekstane i 1976. At tekstane går meir i djupna i sine artiklar kan vidare seie noko om lesarane, og at føremålet til *Klassekampen* i 2006 har endra seg. Når det gjeld saker om familie er det samstundes få menn som er synlege i avisas som journalistar i 2006. Eg vil no illustrera mine inntrykk av avisene sine oppslag i dei to årgangane.

VG i 1976

Den 27. februar 1976 kom det fram på sportssida i *VG* at skeiseløparen Sten Steensen hadde vorten far. Med overskrifta ”Nybakt pappa Sten, direkte til Inzell” vert det fortalt at han fekk ei jente den eine helga han var heime hos familien:

Ja, nå er det plutselig tre kvinner i mitt liv, sier Sten. - Det ble en velskapt liten tass 3900 gram tung og 52 cm lang (...) De tre kvinnene i hans liv må imidlertid vente en god stund igjen før de ser snurten av vår skøyteveteran (...) De tradisjonelle rekordløpene står for tur neste helg (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 1).

Sten Steensen kjem med litt informasjon om bornet sitt og fortel at alt var greitt med henne. Sitatet gjer det klart at familien ikkje kan kome først, fordi ”vår” skeiseutøvar skal ta rekordar. Det er altså ikkje ynskjeleg at han skal vere noko meir heime, sjølv om han har to små jenter. Det er av interesse at han har vorten stolt far, og at han var heime då det skjedde. Det er framstilt som ei triveleg gladmelding, og uproblematisk hending at han er far til to jenter kombinert med den profesjonelle skeisekarriera. Han er heime for å vere pappa ei stund. Samstundes syner det at han som far kjem til å nytte meir tid på sport enn på familien, og at det ikkje er forventa noko anna av han enn at han er der den første veka når bornet er født.

Menn si manglande interesse for feminismen sine krav?

Måndag 8. mars 1976 vart det skrive ein reportasje i *VG* om ei bok som vart gitt ut same året, *En bok om menn*. Boka er skriven av mannlege forfattarar og reportasjen har overskrifta ”menn positive til kvinnekamp – hvis de ikke selv berøres” (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.2). Her vert det lagt vekt på menn si deltaking i kvinnekampen, og at det ikkje er mogleg med frigjering av kvinner utan at menn er meir delaktig i praksis. Det vert understreka at det å seie seg einig i saka ikkje var nok, og at menn har vanskar med å bryta ut av ei fordeling der mor er heimeverende. Difor er det avgjerande at menn vel å endre haldning gjennom sine handlingar i høve til kvinnesaka. Det er lista opp ulike argument som fleire menn kan seiast å ha om kvinnesaka. Argumenta er mellom anna at feministar har for lite humor om saka, menn har det heller ikkje alltid så enkelt, og at ein ikkje skal undervurdera husmora sin posisjon i samfunnet. ”Alle vil før eller siden snuble over disse argumentene. Ikke minst under prosessen ved å føre mannen ut av karrierejaget og inn i hjemmet” (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 2). Sitatet kan først og fremst meddele at det er ei av dei største utfordringane å få menn involvert i heimen, og at det er fleire som ikkje er klar for å ta det steget, og det å utfordre mannen til ”å kome heim” er eit drastisk standpunkt som avrundar sitatet som syner dei mest velkjende (mot)argumenta i tida. Reportasjen har fått ei heil side i *VG*, noko som syner at det er ei interesse for menn som emne i seg sjølv. Menn er viktige støttespelarar og ein må kjenne til deira potensiale som aktørar vert det poengtert, kvinnesaka avheng òg av deira handlingar. Reportasjen kan då gi eit glimt av kva utfordringar menn kunne hevdast å stå framføre i 1976, samstundes syne at menn var interessert i å skrive bok om det. Dei er gjeven merksemd som viktige aktørar i høve til kjønnsdebatten:

Det er lett å tale varmt om arbeidsfordeling i hjemmet så lenge mannen tror at tørk av oppvask og kosestund med ungene utgjør halvdelen av husmorarbeidet (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 2).

Ein kan ut i frå dette få inntrykk av at den vanlege far ikkje nyttar mykje tid verken saman med borna, eller til huslege syslar.

Ein artikkel frå VG frå mandag 19. januar 1976, med overskrifta: ”Samfunnet og politikerene lovpriser henne – men husmoren blir ikke verdsatt” (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 3). Denne reportasjen tek fram at husmora sin såkalla verdi for samfunnet ikkje vert spegla i lovverket. Det er referert til feministmagasinet *Sirene*. Å vere husmor er eit yrke og mykje arbeid, og journalisten skildrar *Sirene* sin kritikk av lovverket som ikkje kan gje dei som er heime med born meir stønad for deira arbeid. Vidare vert det understreka at det er mannen som til sist styrar kor mykje av løna ektefellen skal få tilgang til, og at det ikkje er noko lov som kan avgjere kva rett ho har til hans inntekt. Løna som *Sirene* oppfordrar til, skal tilsvara den omsorga kvinnene har for borna sine. Teksten i sin heilskap kan syne at det å vere heime store delar av livet som husmor er omstritt på denne tida. Det er tilsynelatande inga forventning, eller tru, på at menn skal byrje å tre inn i heimen sin arena og det er difor diskutert korleis kvinnene skal klare seg best mogleg i balanse mellom eiga inntekt og omsorga for borna.

Barnehagedebatt ut frå gitte familietilhøve

Debatten om barnehagetilboda, kan seie noko om menn sin måte å vere med i diskusjonen og samstundes korleis kvinner som husmødre står i høve til debatten. Laurdag 31. januar 1976 står det i VG at ”barn trenger ikke mor hele døgnet – god barnehage stor vinning”. Teksten kan framstå som eit møte med samfunnshaldninga i høve strukturering av familiekvardagen. Ein er bekymra for mor i teksten, og kritikken kjem frå ei kvinne som har snakka med husmødre om deira kvardag, og syner hennar forståing og grunngjeving for kvifor barnehagen er eit viktig tilbod. Journalisten argumenterer for at husmora treng meir tid alleine for seg sjølv, for sin eigen del, om ho kan klara å gjera arbeidet i huset uforstyrra av sine born. Det er ikkje bra for verken mor eller born å vere saman heile dagen og at det er til og med mødre som har beklaga seg til journalisten på denne måten:

Man får aldri gjort noe ordentlig. Man blir alltid avbrutt. Barna er en

tålmodighetsprøve. Hvordan er det mulig å unngå å gi de en dask bak? (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 4).

Eg forstår det som om husmora sine oppgåver i heimen fremjast som viktig i høve til samfunnet i sin heilskap, og at barnehagen skal vere med på å gjera det meir attraktivt å vere i huset. Husmora må få avlastning, og det kan vere ”farleg” for borna om ho ikkje får mogleiken til arbeidsro. Det vart då vedgått i avisat at ein kan finne på å gje borna ein ”dask bak” om husmora ikkje får denne tida for seg sjølv. Reportasjen syner at det er naturleg å rette seg mot mødrene i samband med borna, og at det handlar om å setje pris på det ho gjer i heimen. Far vert etterlyst på slutten i eitt av avsnitta, men utan noko meir argumentasjon:

Man vasker et gulv, ungene labber, man vasker og kler dem og de tisser i buksen (...) og synes det også er på sin plass å stille spørsmålet: Hvor er far? Kan ikke han ta seg av barna noen timer om dagen? (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 4).

Far vert etterlyst på heimearenaen, men det vert berre éit spørsmål som vert hengande i lufta på slutten av eit avsnitt. Det vert ikkje meir grunngitt i teksten på kva måte far skulle få mogleik til dette. Det verkar ikkje som om spørsmålet er eit emne for debatt ut frå avisat. Journalisten vel heller ikkje å svara på spørsmålet sjølv og heldt fram reportasjen med å fremje at husmora må få meir igjen for den jobben ho gjer heime.

Når far har tid

Ein reportasje frå VG torsdag 5 februar 1976 tek fram ynskjet om å få fleire tilsette i barnehagane. Overskrifta er difor at: ”To voksne er ikke tilstrekkelig på 15 barn”. I reportasjen er det intervjuat ein far som har dottera si i barnehage. Han er leiar for foreldrerådet i sin krets og fortel kvifor han ikkje er nøgd situasjonen til dottera og dei andre borna:

Min datter har vært i barnehagen siden høsten 1975 og hun trives godt (...) Blir en av foreldrene tvunget til å være hjemme, går det også utover barnet. Dessuten trenger de små sosial omgang (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.5).

Han nemner både den pedagogiske sida med barnehagen, men fremjar òg eit omsyn til den heimeverende av foreldra. Det kan verke gitt at familiar har ein som er heime med borna. Det

å vere heime talar han om som ein utveg som ikkje er ynskjeleg, men noko som ein kan vere tvunge til. Det kan seie at denne faren har ei haldning om at begge foreldre bør vere i jobb. Faren uttalar seg på vegne av foreldra generelt og grunngjev det heile meir pedagogisk retta mot borna, men syner likevel noko om generelle oppfatningar av foreldre og born. Til slutt vert intervjuet oppsummert med at:

Han mener at i prinsippet må ikke barnehagertilbudet begrense seg til de familiær der begge foreldre arbeider ute. Tilbuddet må være åpent for alle som ønsker det, for barnas skyld (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 5).

På eine sida er han aktiv i ein debatt som påverkar heimen i høve til born og kvinner. På den andre sida er det å vere leiar noko som gir han ein annan posisjon enn om han hadde vore intervjuet som berre far til dottera si. Trass i dette kjem han med interessant argumentasjon med omsyn til foreldre. Det vert stadfesta at det er vanleg med familiær med éi (hovud)inntekt, og han går ikkje lenger i sin kritikk av denne familiepraksisen. Framstillinga i avisene syner han samstundes meir som ein representant og ”ekspert” på barnevernspedagogikk, enn som ”pappa” til eit av borna.

Når det gjeld born og fedrar var det ikkje enkelt å finne reportasjar eller anna tekst i avisene som synleggjer deira tilhøve, men eg fann, etter fleire søk i VG, overskrifta ”Rolf Arne, 27, rammet av innskrenkninger – mer tid til barna”. Det er skrive om ein familie, der ein ”maskinstiller” frå Gjøvik har vorten permittert frå jobben og skildra korleis familien får dagen til å gå rundt økonomisk. Det kjem fram at sidan han jobbar mindre får han altså meir tid heime, og denne tida har han nytta mellom anna med borna:

Han har vært fenomenal, sier fru Grete. Han har blitt den reneste husmor. Tatt seg av barna, vasket og laget mat. - Jeg har kost meg med å passe ungene mer, sier Rolf Arne.
- Jeg har også i den ufrivillige fritiden sportet noe mer (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.6).

Sitatet kan på den eine sida seie noko om forventningar til fedrar når det gjeld born, ut frå den merksemda denne delen av saken får, både frå media og frå hans ektefelle. Det vert møtt med overrasking at han har tatt del i husarbeidet og i omsorga for borna, og det kan verke som hans arbeid i familien er eit unntak frå dei tendensane eg fann i høve til familienormer. Ein

vert imponert over hans deltaking heime. Sitatet kan vidare peike på at det ikkje var vanleg å stille spørsmål til menn om deira samvær med borna frå media si side. Når han så nemnar sjølv at han likte å ha meir tid med borna, vert det til ei overskrift i reportasjen. Sjølv om det er fortalt at han ikkje har ein jobb å gå til, poengterar han at det er ufrivillig, og legg til dei andre aktivitetane han finn på, i tillegg til å passe born. Såleis kan sitatet forståast mot at han vil distansera seg frå det han akkurat hadde fortalt. Han nyttar altså ikkje all tida på borna når han var heime. Det kjem fram at han trivast med borna, men det kjem ikkje fram kva dei gjorde saman i denne perioden. I høve til at han nemner andre aktivitetar, så er det tidsmessig ikkje borna som skil seg ut hovudfokus.

Klassekampen 1976

Om to kvinner sine liv

Klassekampen er klår i sin agenda i 1976, og skriv mykje om kvinnekampen i høve til AKP-ml sin ideologi. Det er mykje stoff om kampsaker som fører fram til reportasjar om arbeidarstreikar og undertrykking, men lite som syner eksplisitt korleis menn står i høve til familiespørsmål. Dei tek mellom anna fram kvinner sin situasjon som husmødrer og er opptatt av at lesarane skal vere medvitne korleis det er å vere husmor. Ei nyheitsak i 1976 henta frå *Klassekampen* tysdag 2. mars har overskrifta ”Lofot-fiskerkone med mannen på havet”. (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 7). Her intervjuar journalisten ei husmor om korleis ho kjenner seg når mannen er lenge vekke på havet, og ho må vere heime og vente på han. Dei stiller spørsmål om ho syns ho kjenner seg bunden av borna sine: ”Du er vel temmelig bundet av barna dine?” og ho svarar at ”Han er veldig flink til å ta seg av ungan, æg slapper av når han er heime.”

Det kan forståast som om det vert lagt til rette for at dette er eit spørsmål som ho burde stille seg sjølv, og ho gir eit høveleg svar, der ho understrekar at han er flink med borna når han er heime. Ho fortel vidare på kva måte dette føregår. Når han er heime og har fri frå fiske tek han med seg heile familien på tur, fordi han kan ordne tida si sjølv. *Klassekampen* får her gjort eit poeng ut av sine forventningar til heimeverende husmødre. Signalet dei sender rettar

seg mot kvinner, medan ein kan få eit glimt av korleis denne faren prioriterar når han først er heime. Då skal heile familien på tur og han ynskjer å gjera noko spesielt.

I *Klassekampen* tysdag 9. mars 1976 er ei kvinne og hennar mann intervjua. Overskrifta er ”Arbeiderfamilie i Verdal: - Vi må overvinne husmannsholdninga i krisetider”. Dei er presentert vidare på denne måten: ”Knut Harald Verdal platearbeider på Aker Verdal og Svanhild Aslaksen, som er husmor (...)" Ektemannen får spørsmål om kva han meiner i høve til at ho er med i Kvinnefronten. Han svarar:

Jeg synes det er fint at kona er med i Kvinnefronten. Selfølgelig får jeg et og annet dumt spørsmål fra arbeidskamerater når de hører dette, men det tar jeg med ro. Når det gjelder hetsen, tror jeg ikke den er så farlig. Spesielt ser vi hvordan pressa går til harde angrep på AKP-ml. Dette betyr jo at de som har makta er redde, og det betyr igjen at AKP-ml må ha mye rett i det de sier (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.8).

Han fortel at det er fint ho er med, og at han får høyre litt kommentarar frå arbeidskameratane sine om at ho er engasjert. Han kjem ikkje med fleire kommentarar ut over det. Vidare fortel han meir om AKP-ml sin ideologi. Denne reportasjen kan seie noko om at menn deltok i politikken og aksepterte kvinnesaka, men dei var ikkje nødvendigvis så aktivistiske for den åleine. Han som er intervjua her hadde ikkje meir å seie enn at det var greitt at kona var engasjert i Kvinnefronten og at han kunne verte erta for det på jobben.

I neste reportasje skal eg ta fram eit litt anna døme som syner korleis kvinner sine krav vert framstilt i *Klassekampen* i 1976. Der ein kan sjå at far ikkje er etterspurd. Som nemnt i kapittel 1 kan ein sjå at kvinnene kom raskare ut i lønnsarbeid enn menn kom inn i arbeidet heime. Den 17. februar er det byrja verte aktuelt å skrive om 8. mars i *Klassekampen*, og summera opp dei viktigaste kampsakene. Med overskrifta ”-Marker kvinnenes viktigste kampsaker”, tek denne reportasjen fram at kvinner krev rett til arbeid og difor dekking av dagheim/ barnehage.

På daghjemssektoren angripes de små rettighetene vi har. I Danmark, der krisa har kommet lenger enn i Norge, blir daghem nedlagt! Vi kan ikke akseptere at daghemsbudsjettet strammes inn i krisetider. Det er et angrep på kvinnens rett til

arbeid. Vi må så klart støtte kravene til daghjemspersonalet og foreldrene i Oslo, som i høst aksjonerte for økt bemanning og høyere bevilgning (Appendiks 2, Avisvedlegg nr 9).

Dette er ein av fleire reportasjar frå *Klassekampen* som syner deira fokus på kvinnesaka. Ein kan sjå ut frå sitatet at sambandet mellom rett til arbeid og meir støtte til dagheimar er ei aktuell kvinnesak i 1976. I høve til dei førre reportasjane i *Klassekampen* syner denne ingenting om korleis menn kjem inn i debatten, det er såleis ikkje eit emne for avis.

VG 2006

Knapt med tid til borna for både mor og far

Eg skal no skildre på kva måte VG sine journalistar fokuserer på fedrar etter det har gått over 30 år. I 2006 skriv VG meir om fedrar. Ein av dei første artiklane hadde ein serie om mangelen på tid til born. Det er ei mykje omtala problemstilling i samfunnet i 2006, og VG har intervjuat ein familie som står midt i denne tidsklemma. Reportasjen frå 22. januar 2006, ”Må ha hjelp av besteforeldre”, er ein del av ein større serie i VG der dei tek opp dette. Den syner travle foreldre og deira kvardag:

Hvis vi ikke hadde hatt to sett med besteforeldre som kunne bidra, kunne vi ikke hatt jobbene våre, sier Jarle G. Aakredalen. Mens han jobber som administrerende direktør i to shipping-firmaer, er kona Susanne Wåle Aakredalen, salgssjef for Yahama Scandinavia (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.10).

Her får ein inntrykk av ein moderne familie som strevar med å få kvardagen til å gå i hop med omsyn til borna. Begge foreldra er i arbeid og det vert understreka kva dei begge gjer i sin jobb. Teksten syner vidare at dei fleste foreldre ynskjer meir hjelp heime og at det er 45 prosent som ynskjer meir hjelp enn å ty til nærmeste familie. Dei intervjuata foreldra fortel at dei vurderar au pair. VG framstiller familielivet som travelt, og fokuset er på to foreldre med leiarstillingar i sitt yrke, der begge foreldra reiser mykje og det både i Europa og USA.

Fleire kjendispappaer

Det viste seg at i 2006 kunne ein òg lese om nybakte pappaer frå kjendisverda, og då var det

komen endå fleire reportasjar om desse enn i 1976. Då eg sökte på ordet ”pappa” var det minst fem treff som syna ”kjendispappaen”. Spørsmåla rettar seg til direkte til det å vere far, og kjenslane deira synleggjera i reportasjane, til dømes i teksten ”Idol –Kjartan ble PAPPA” frå den 12 februar:

Etter en lang fødsel som varte i 14 timer, føles dette som en forsoning med Gud og alt det der. Jeg har opplevd noen skikkelige nedturer. Da vet jeg at dette er livets opptur, bemerker Salvesen. Men «Idol»-vinneren fra 2004 har ikke tenkt å ta pappapermisjon i det uendelige. Salvesen har det nemlig travelt med å komme seg på flyet til New York for å sikre seg platekontrakt. Jeg blir hjemme til alt er OK med mor og barn, så setter jeg kursen for New York hvor jeg skal spille for diverse plateselskap. Dette er mitt førstefødte barn. Følelsen av å bli pappa overgår alt jeg har opplevd så langt. Det er kanskje en klisjé, men Idol-seieren blir som å vinne en kamp i 3. divisjon i sammenligning. Dette skal feires med sjampis og gode venner, opplyser Salvesen. I høst, mens kjæresten satt gravid hjemme i Stavanger, tilbrakte Salvesen to måneder i USA og skrev låter sammen med produsent og låtskriver PK Ottestad. [...] Jeg venter vel egentlig bare på å bli far før jeg drar over, sa Salvesen for to dager siden (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.11).

VG intervjuar fleire kjente menn når dei har vorten fedrar, og det er her omgrepene pappa er framtredande. ”Pappa”-omgrepene kan verke som eit litt meir trivelig og nært omgrep, ut frå bruken av ordet. ”Pappa” kan seie noko om at far er heime, det er den meir sentimentale sida av far som kjem fram når ein nyttar ordet i avisene. På den måten kan ein få inntrykk av at det skjer noko med ein far når han kjem heim. Idol-Kjartan vert intervjuet heime og det er den mjuke sida som skal synast. Han er som nemnt ein av fleire kjendisar som VG har skrive om med omsyn til at dei har vorten fedrar. At talet på denne type reportasjar aukar i 2006, kan verke som eit salstriks i VG, og at dei gjer nytte av omgrepene for å selje sakene i avisene. Samstundes kan det seie noko om samfunnet i sin heilskap og at det er meir rom for å skrive om fedrar på denne måten. Kjartan er kjendis, og han er interessant for VG, det er ikkje først og fremst fordi han er far at dei er interessert i å få eit intervju.

Teksten tek for seg kva faren har av *kjensler* i høve til bornet. Det kan verke som om det er naudsynt å setje ord på dette tilhøve for leseren av avisene. Samstundes er den intervjuet klar for

å svara på dette, og fortel om kor stort det er for han å få born. Han veit korleis han skal setje ord på tilhøvet til bornet. Omtalen i avisa syner at det er stort å vere far i 2006, og det er noko som vert understreka når journalisten får Kjartan til å fortelje om dette. Det er interessant at han kallar skildringa si for en ”klisjé”. Det kan tolkast som at han har rett i det og syner det med å samanlike det å verte far med sigeren i Idol. Det er større enn noko anna han har opplevd. Sett i høve til Rolf Arne fra VG i 1976 fekk han ei eiga overskrift fordi han hadde nemnt at han hadde fått ”mer tid til barna”. Når ein vert far i 2006 får ein spørsmål om hendinga, og retorikken er ein annan enn i 1976.

Samstundes kjem Kjartan inn på ynskja sine for framtida som artist. Han vert framstilt som at han skal både vere omsorgsfull far og nå til topps som artist i USA. Reportasjen er sånn sett ikkje så politisk retta, heller ”trivelig”, for den tek fram kva Kjartan har oppnådd så langt. Han får til dømes ikkje spørsmål om han har vurdert korleis born og artistlivet skal kombinerast, for dette er ikkje eit fokus avisa vil ha i denne samanheng. Han er først og fremst satt i eit vellukka lys både som pappa og artist, og det er tydeleg at avisa framstiller det som greitt at Kjartan ikkje tek seg tid ”i det uendelige” til bornet. Her kjem praksisen til artisten fram, og ein får eit anna inntrykk mot slutten av sitatet. Sjølvsagt er han intervjuet fordi han er artist, men likevel kan denne praksisen likne på atleten Sten Steensen som må komme seg vidare til si karriere etter å ha vorten far. Deira praksisar er såleis ikkje så ulike slik eg ser det.

Ein får merksemd om ein tek permisjon. I neste tekst frå VG 18. februar, vert det understreka at pappapermisjon er noko positivt, og at det er bra at dei vel å ta den. Under eit biletet av den nye sjefen for ei nettstad for økonomi står det: ”PÅ NETT: Hans Christian Vadseth går rett fra pappapermisjon til ny jobb som sjef for økonominettstedet N24.no” (Appendiks 2, Avisvedlegg nr. 12). Det vert ikkje sagt noko meir om denne permisjonen, anna enn at han har tatt den og samstundes har klart å verte sjef for denne nettstaden. Dette er eit døme på korleis avisa framstiller fedrar. Dei får ros for at dei har tatt permisjon og det vert tatt med i reportasjar som ikkje først og fremst handlar om fedrar. Denne reportasjen er vidare ein lørdagsreportasje, der fokuset skal vere meir triveleg enn kva ein kan lese i kvardagen. Pappapermisjon er noko som er positivt og menn får merksemd for at dei har både vore heime med borna og gjort det bra i jobbsamanheng. Avisa framstiller ikkje noko om korleis han fekk dette til, interessa sluttar etter at det er stadfesta at han har vore i permisjon.

Klassekampen 2006

I artikkelen ”Når pappa steller hjemme” fra 11. mars, tek journalisten føre seg korleis fedrar ofte er framstilt i bøker og filmar som inkompetente i høve til heim og born. Journalisten baserer teksten på eit forskingsprosjekt som understrekar det som eit problem at fedrar med små born vert møtt på denne måten. I sitatet under står det om menn i 2006, og at dei skal krevje å verte tatt like mykje på alvor som kvinner i høve til born:

For forfatterne innebærer det å øse av egne erfaringer som far, og da særlig tabbene. For det er normalt for menn å være klønrete med barn, det er den underliggende tanken. Bøkene er dermed helt på linje med så vel Asbjørnsen og Moe som med Hollywood-komedien. Og tro ikke at forfatteren selv er blitt ekspert etter å ha «overlevd» barnets spedbarnsstadium. «Dette er mer som en spørrebok å regne,» skriver en forfatter, og fortsetter: «Finner dere noen svar her, så skyldes inkurien korrekturleseren». Kort oppsummert tas mannen på senga av sin nye tilværelse og kløner i vei, mens morens naturlige disponering for mammarollen har forberedt henne på dette et helt liv. Men stemmer dette bildet med pappaene man møter på gater og torg? Hver dag kan man jo bivåne stolte fedre dytte vogner gjennom Oslos trendy og babyrike område Grünerløkka, tilsynelatende trygge og rolige. Ikke skriker ungen og ikke løper mennene etter vogner som triller ukontrollert av sted. Kanskje har disse fedrene kommet til det neste steget bøkene beskriver: De har lykkes i å bli «den moderne pappa» [...] Bøkene gir grunn til å rope etter forlagskonsulenter kjent med kjønnsteori. For hvorfor skal pappa-bøkene vokse fram på siden av slik forskning? Hvem tror på at menn fra naturens side er mer klumsete med babyer enn kvinner? Pappalitteraturen burde kunne gjøre at humoren i plot som «Mannen som skulle stelle hjemme» og «Tre menn og en baby» blir uforståelig for oss. Vågslids studie viser at det er et stykke igjen (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.13).

Journalisten har tiltru til ”den moderne far” og hevdar dei burde framstillast som meir kompetente og skal handsamast deretter, til dømes i ”pappabøker”. *Klassekampen* har i 2006 byrja gi ei anna merksemrd til fedrar og menn, og her vert det synleg at dei ynskjer at fedrar skal tre inn i familien som fedrar. ”Pappabøkene” gir ikkje ei rettmessig forståing av menn som skal verte fedrar, hevdast det i avis. Dei kan lære omsorga for born like godt som mødrer. Vi vert fortalt at far bør møta dei same krava for omsorg som mor. Konklusjonen i

sitatet understrekar det politiske aspektet i artikkelen til *Klassekampen*. Deira forståing er at fedrar er medverkande i familien, difor bør bøker og filmar spegla dette, men det er ”eit stykke igjen”.

Barnehagediskusjonen 2006

Spørsmål knyta til barnehagetilboda er aktualisert i *Klassekampen* i 2006, og det vert diskutert kring politikarane sine utspel om å byrje med nattåpne barnehagar. ”I bakvendlend” den 21. januar 2006, vert det argumentert mot dette forslaget, fordi journalisten hevdar at det skapar eit samfunn som gløymer borna til fordel for arbeidsgjevarane sine krav til arbeidstakarane. Denne prioriteringa er feilslått:

Nå har vi fulltidsbarnehagen. Heldagsskolen. Mange kvinner i fullt arbeid. Arbeidsgiverne må da snart være fornøyde. Ungene er ute av veien, vi later som vi ikke har dem. De skal ikke ses, ikke høres, noe er uendret på 100 år. Døgnåpne barnehager? Hvor langt er vi villige til å gå for å være den perfekte arbeider? Når skal vi rope stans! – og komme med virkelige radikale forslag. Nattåpne barnehager er en gammeldags og kosmetisk ide. Glem den (Appendiks 2, Avisvedlegg nr.14).

Klassekampen gjer det klårt kva veg samfunnet kan hevdast å ta i 2006. Kvardagen handlar ikkje om borna, men arbeidet til foreldra. Ut frå sitatet kan ein forstå det som om samfunnet går ut i frå at begge foreldre har arbeid som krevjar meir av dei enn berre sjutmarsdagar. Teksten fortel at samfunnet forventar for mykje av tida til arbeidarane, at dei ikkje får mogleik til å ta vare på sine born. Vidare fortel ikkje skribenten noko om kva moglege løysingar som finnast. Eg forstår det sånn at journalisten ikkje forventar eller ynskjer å skyva ansvaret over på nokon, til dømes på kvinner. Menn er heller ikkje etterspurd. Det er snakka om samfunnssystemet i heilskap, og kjønn står ut frå denne teksten meir nøytralt i høve til diskusjonen. Synet på mødrer og fedrar står mykje likt her ut frå denne teksten. Det er ikkje ulike forventningar til kvar av dei, men begge vert ansvarleggjort. Barnehagedebatten i 2006 er ein annan enn i 1976 då ein hadde eit opprop om å få støtte til ”daghem” som del av kvinnesaka. No vender *Klassekampen* seg til systemet og staten på vegne av familien i heilskap. Arbeidarane må ha krav på tid med sine born, jobben skal ikkje ta meir plass enn den allereie gjer.

Avisene sine framstillingar av fedrar 1976 i høve til 2006

Generelt er heilskapsinntrykket at det har skjedd ei endring når det gjeld måten avisene omtalar menn som fedrar på. I 2006 er fedrar ein mykje større del av biletet. Samstundes er det nokre trekk som er like. Omgrepa som går igjen i tekstane kan seie noko om både endring og likskapar mellom 1976 og 2006. Omgrepene ”husmor” har vore gjennomgåande i 1976, og har vore svært aktuelt å nytte. Ut i frå begge avisene kan ein forstå det som om det er mange kvinner som nyttar mykje tid heime som husmødre, men vidare at det er fleire som er interessert i å få fram verdien og alternativ i høve til det å vere husmor. Vidare forstår eg det som om fedrar oftast står for den økonomiske hovudinntekta til familien. Medan husmoromgrepene ikkje er å finne som del av familiepolitikken i 2006 kan det fremje at diskusjonen går på andre premiss enn i 1976, omgrepene er nye. Såleis kan praksisen ha tatt nye vendingar. Retten til arbeid er meir gitt i 2006. I reportasjen fra *Klassekampen* 17. februar kan ein sjå døme på at det er ei viktig sak å få mogleik til å sende borna i bornehage, så kvinnene får arbeide.

Eit anna omgrep som kan fortelje noko om generasjonane er pappaomgrepene. Pappa er eit nært omgrep, for det kan knytast til bornet sin relasjon til og omtale av sin far. Omgrepene kan sjåast i samanheng med fedrar som er heime, noko ein kan seie om omgrepene i både 1976 og 2006. I 2006 er omgrepene tatt fram fleire gongar og kan syne at i denne tida er far meir heime, eller det er meir akseptert at han er det i avisene. Omgrepene er nytta på ein måte som framstil menn som vellukka i 2006, medan i 1976 er det lite nytta. Pappapermisjonen i 2006 er bra å ta, men ein får ikkje vite noko meir ut over dette. *VG* har framstilt pappapermisjonen i reportasjen ”PÅ NETT: Hans Christian Vadseth går rett fra pappapermisjon til ny jobb som sjef for økonominettstedet N24.no.” At han har tatt pappapermisjon kjem med i byrjinga og i slutten på teksten, men utan at ein får meir innsyn i kva han gjorde i denne permisjonstida. *VG* nyttar omgrepene pappa på sin måte, og dei sel aviser med å nytte omgrepene i høve til kjendisar. Til dømes er Idol-Kjartan frå 2006 og Sten Steensen frå 1976 døme på at omgrepene festar seg til kjendisar. Dei kan forståast som heltar ut frå kva dei har oppnådd, og sidan leserane ser dei på denne måten, kan det verke som om *VG* legg fram ei norm om korleis idealfaren bør vere. Samstundes er Kjartan i 2006 forventa å kunne fortelje noko meir enn Sten Steensen i 1976. Ingen av desse gir eit eksplisitt uttrykk for politikk, men er oppdaterte på samfunnets normer for fedrar.

Reportasjen ”Må ha hjelp av besteforeldre”, er meir retta mot kvardagslege utfordringar som kan råka familien. Her har VG ein eigen serie om tidsklemma og familiar med små born, noko som ikkje er eit emne på same måte i 1976, der Rolf Arne får ufrivillig permisjon frå jobben og nemner at han mellom anna har fått ”mer tid med barna”. I 1976 er avisene opptatt av kvinner og deira tilhøve som husmødre og tilsette. Det handlar meir om korleis kvinner enn menn si disponering av tid kan gå føre seg. Spesielt i *Klassekampen*, der oppropet til 8.mars tek fram saka. VG-journalisten intervjuar ein far i ein av reportasjane og handsamar spørsmålet meir i høve til fedrar enn *Klassekampen*. Medan i 2006 er det tydelig at artikkelen frå *Klassekampen* ”I bakvendtland” peikar på ei tidsklemme for familien i sin heilskap. Tid til borna er samla sett ei utfordring i både 2006 og 1976.

Til slutt kan desse utsnitta av begge avisene syne at menn meir enn før er *omtala* som fedrar i avisene. Menn trer meir fram som ekspertar enn som fedrar. Til dømes i VG 5. februar 1976, der han framstilla som leiar for foreldrerådet, eller den 8. mars 1976 der forfattarane av ”ei bok om menn” vert påropaa ei ekspertrolle av avisas. Elles er det kvinner som ”talar” kring desse sakene. *Klassekampen* sin agenda er synleg både i 1976 og 2006. Far er ikkje politikk for *Klassekampen* før i 2006. I VG frå 1976 er fedrar meir i biletet enn kva dei er i *Klassekampen*. I 2006 er fedrar meir synlege som del av familien i VG, dei er framstilt saman med mor. Når far kjem heim i 1976 vekkjer det stor glede. Om det er fordi han har vore lenge på fiske, som *Klassekampen* syner, eller om han tilfeldigvis ikkje hadde anna val grunna jobbsituasjonen, så er det eit unntak, men eit bra unntak. Denne type glede er eksisterande i 2006 òg. Det er ein prestasjon å ta pappapermisjon og å vere pappa. Likevel, fedrar har permisjon, og avisene syner at retorikken kring fedrar er meir tilstades enn i 1976. Både i *Klassekampen* og i VG 2006 har menn meir å seie *som* fedrar.

Kapittel 4 :

Fedrane fortel om eigne fedrar

I dette kapittelet vil eg analysere informantane sine forteljingar om relasjonen til eigne fedrar. Dette temaet kan gje informantane mogleik til å reflektera kring sin eigen farsidentitet, når dei fortel om tidlegare tider. Når eg spør dei om eigne fedrar, gir eg dei mogleik til både å dra parallellar og vurdera ulikskapar mellom sine farspraksiser og sin eigen far. Til dømes i høve til oppsedinga og korleis dei ser på oppseding av eigne born. Samstundes kan eg få fram korleis deira tilhøve til det å ta råd frå sine fedrar er og om dei gjorde dette. Kva kan deira tilhøve til eigne fedrar seie om deira eigen farspraksis og korleis skil den yngste gruppa seg frå den eldste?

Først vil eg gjere greie for korleis dei eldste fortel om relasjonen til eigen far, analysera deira forteljingar med omsyn til kva haldninga dei fremjar om sine fedrar og sjå på korleis kjønn speler inn. Deretter avslutte med å samanfatte nokre likskapar innan denne generasjonen. Eg vil gjere greie for den yngste generasjonen på same måte, og sjå etter fellestrekks innanfor denne gruppa. Vidare vil eg kort seie noko om korleis kjønn speler inn når fedrar skal snakke om born med andre fedrar. Til slutt vil eg peike på forskjellar og likskapar mellom generasjonane.

Praktiske oppgåver saman med far – 1970

Fleire av informantane mine fortalte meg om deira relasjon til eigen far. Tor fortalte om sin far tidleg i samtaLEN, og det vert klårt at relasjonen mellom far og son var noko som mellom anna utspelte seg i høve til det praktiske arbeidet der han vaks opp. Tor nemner vidare litt om familietilhøva på denne tida og seie litt om hans relasjon til faren:

Tor: Ja. Far min er 88 år [...] det er mora mi òg forresten. Eg er eldst av to sysken og har ei syster som er tre år yngre enn meg. Eg vil seie det at eg hadde ei oppvekst der far var forsørgar i familien. Mora mi slutta i jobben då eg vart fødd.[...] Ho hadde jo ein relativt god jobb, men det var vanlig på den tida.[...] Då snakkar vi om midt på

1950-talet.[...] Em, så då var de fleste kvinnene heimeverende, ja...

Mariela: Kva gjorde du og far din saman då? Nokre episodar du kan hugse?

Tor: Vi har jo gård då..(...) Så eg var jo litt med på forskjellig der. Så levde jo min farfar, han levde jo frem til eg var femten. Så han budde jo og der.. Så det var jo tette familiebånd sånn sett min farfar og farmor[...].

Mariela: Så du lærte kva ein gjorde på garden?

Tor: Ja, ja..så jobba han utanom, han var entreprenør ved sida av [...] Så eg var med han sånn av og til. Små jobbar..viss eg hadde fri [...] Men det eg hugsar frå barndommen.. Vi kjørte jo.. søndagsturar med bil og, av og til gjekk på fjellet og sånn (Intervju nr. 3, s. 2).

Eg spør om han kan fortelje om enkelthendingar der han og faren som gjorde noko saman. Det kan verke som om Tor ikkje ynskjer å peike ut noko konkret om han og faren, men fortel om ulike opplysningar om høvet på den tida. Han kan tolkast som noko unnvikande når eg spør om kva han og faren gjorde saman. Tor fortel om korleis høva var for familien, og kva faren hans jobba med. Tor fortel òg at mora hadde jobb, men vart heimeverande då han vart fødd. Det kjem seinare fram at han fekk ein del oppgåver av faren sin, og dei hadde nokre turar saman. Tor sin respons på mine spørsmål gjev eit inntrykk av at han ikkje veit eller hugsar kva han skal hente fram av episodar, og det kan vere at han ikkje var så ofte med faren på den måten det er forventa at fedrar er saman med borna sine i vår samtid.

Nils i same generasjon set ord på noko som kan likne skildringane til Tor. Det som slår Nils først, når eg spør om han og faren, er kva faren gjorde av arbeid på garden og kva som måtte til for å helde den i drift:

Nils: Jobba i lag og.. Ja ein måtte jo ut å hjelpa til veit du. Heilt frå du var liten det [...] Så etterkvart så vart det jo eg som hjelpte til og overtok og han hjelpte meg, hehe.

Mariela: Men var det noko spesielt de gjorde saman..?

Nils: Ja, det som ein måtte vere to på [...] Han dyrka jo opp dette her for hand..kan du

sei [...] Det gjorde han mykje godt åleine..men eg var ikkje så gamal då (...) men em, når han kom så langt at han fekk ein fres til å laga ein åker med, laga ei mark av det, så måtte eg gå og plukka på grøne luggar og sånt noko sant. Var faktisk med i ei heimelagd kassevogn.[...] Var ikkje så gamal. [...] Det var ei plikt (Intervju nr. 2, s.1-2).

Nils fortel om faren som ein autoritær og ansvarleg far og er opptatt av å syne samarbeidet dei i mellom, meir enn enkeltepisodar som dei gjorde saman. Forholdet framstilla meir som eit oppifrå og ned forhold, fordi det var faren som lærte han opp, ikkje omvendt. Det som dei gjorde saman var i arbeidet, altså det faren ikkje kunne gjere aleine. Nils framstiller seg som ein observatør i høve til faren. Det kan verke som om han har sett faren jobba mykje ute som liten, og på den måten var faren ein som var mykje tilstades. Tida dei hadde saman var bunden til arbeid. Han opplev faren som strikt, men er ikkje direkte kritisk til dette. Han fortel om faren med respekt, far hans hadde skapt noko for eiga hand. Plikta er understreka og Nils framstiller faren som bestemt, og talar om ansvaret han fekk hos faren. Innleiingsvis framstilla han det som ein grei prosess : han tok over for faren, som igjen tok over for sin far. Om ein tek omsyn til Butler sine omgrep kan ein nyte det å *gjere kjønn* og å *sitere kjønn*. Han peikar på at arbeidet på garden var faren sitt prosjekt, som det var naturleg for han å ta etter og overta. Ein kan hevde han *siterar* ein praksis der son tek over etter far og syner ei førestilling om at arv går føre seg mellom menn.

Ut frå Butler sine omgrep kan det å vere praktisk orientert og disiplinert relaterast til ei iscenesetting av kjønn knytt til å vere mann. Om ein ser på kva kvalitetar han peikar på i høve til faren, kan det tolkast til førestillinga om far som ein rettleiar for sonen sin, der faren skal hjelpe han til å agera og handla som mann med å læra han ansvar, disiplin og det å vere handlekraftig (Ekenstam 2000:94). Ved å ta til seg faren sine måtar å gjere kjønn på, meistrar han tida og staden sine krav, og ikkje minst faren sine ynskjer om å kunne lære han å gjere kjønn som ein mann. Dette treng ikkje vere medvite, men heller ein kjønnspraksis som er internalisert ut frå dei tilhøva dei held seg til.

Birger fortel at han hugsar best faren sin som ein flink praktikar og at han lærte Birger ulikt arbeid. På den eine sida er han oppteken av å syne at faren kunne mykje nyttig, på den andre var det ikkje alt ved oppveksten Birger var nøgd med:

Mariela: Du var på ein gard og..?

Birger: Kjørte jo hest og var med på dei ulike onnene, i løpet av året. Eg huska jo, ikkje konkret kanskje..han var jo litt streng då.. Det var jo på den tida du fekk ris om du ikkje gjorde som du skulle.[...] Hehe, han kunne verte sint.

Mariela: Så de var helst ute og jobba ..?

Birger: Ja, han dreiv med ved ..og han dreiv og med snekring og diverse sånt..med høvlebenken. Så der var ja mange ting egentleg eg var innom, som tilhørte gardsdrifta [...] Så var vi å fiska om sommaren..mest på sjøen, men av og til med garn i vatn.

Mariela: Korleis føle du forholdet var mellom dykk då?

Birger: Trur det var veldig bra, følte eg.. Såg opp til han på mange måtar, men sjølvsagt ein tenker jo i ettertid at du har glømt kanskje det som ikkje var så positivt, for det var jo sjølvsagt ting som du ikkje likte så godt så.. Så det er dei positive tingene som henger igjen.

Mariela: Er det noko spesielt du tenker på?

Birger: Nei, ikkje noko meir enn sånn som eg har sagt no.. No er da jo ti år sidan han dø då. Så eg har jo fått litt avstand til da mesta (Intervju nr.1, s. 2).

Her fortel Birger at han var med faren på fiske og på garden der han lærte om arbeidet som måtte gjerast. På same måte som Nils fortalte, var far til Birger ein som lærte han praktiske oppgåver. Han hevdar tilhøvet var bra mellom dei, og at han såg opp til faren. Samstundes er det noko han ikkje vil fortelje så mykje om, som han likevel er inne på i samtalet. Indirekte peiker han på at faren kunne verte sint. Når han seier at ein kunne få ris på denne tida, forstår eg det som at han snakkar på eigne vegne, berre meir distansert. Å fortelje om denne delen av oppveksten til tilhøyrarar i dag, vil truleg forståast annleis enn på den tida han var born. I kapittel 3 fekk vi høre om ei husmor i 1976 som klaga over at borna gjekk i vegen for hennar arbeid heime, noko som kunne ende i ”ein dask bak”. Førestillinga om ein straffande far kan oppfattast som meir brutal i vår samtid, enn i både 1976 og då Birger var liten. Han veit korleis denne framstilling ikkje vil få noko god mottaking frå meg som tilhøyrar, eller for diskursen om born sine rettar i vår tid. Han vel å nemne det for meg, såleis kan han syne

korleis kontrastane mellom hans tid som born og samtid, han ikkje ville gjort det same sjølv. Birger legg vekt på at det meste han hugsar av faren var positivt.

Samvær for relasjonen si skuld - 2000

Informantane frå den yngste generasjonen hadde ei litt anna tilnærming til mitt spørsmål om far og son relasjonen. Ein får lagt fram ei anna forteljing frå dei yngste, og dei kan verke noko meir kritisk i si haldning enn dei tre førre informantane. Eg spør om forholdet mellom Petter og hans far. Faren var militær og litt streng, og meir streng enn kva han sjølv er med sine born. Han syner at faren var mindre saman med han enn Petter er med sine eigne born, og han reflekterar over dette :

Petter: Nei altså, han var nok mykje strengare i oppsedinga en det eg oppfattast å vere. Men det var vel også som et resultat av tida. Det var mykje meir sånn, kanskje klarare grenser og mindre rom for forhandling, em, då eg var liten. Når dei vaksne avgjorde noko, så var det avgjort, det var nok annleis i forhold til min far. Han var militær, så han var kanskje meir striks, enn andre på den tida og. Hehe (Intervju nr. 7, s.1).

I byrjinga av samtalen fortel Petter at han meinat faren var litt for streng og at han har valt å ikkje gjera oppsedinga heilt på same vis sjølv. Han vil skilje seg frå faren, for det er noko negativt over den måten Petter fortel om det å setje grenser og ha lite rom for forhandling på. Ynskjer han at borna skal kunne ha mogleik til å diskutere meir med han? Ifølgje Giddens er det i det seinmoderne ei demokratisering av familien, der tilhøvet mellom foreldre og born helst skal utspela seg demokratisk (Giddens 2008:188). På denne måten kan Petter syne at han vil ha ein kommunikasjon som går på likare premiss mellom han og borna, enn at han tar alle avgjeringar for dei. Petter ser vidare for seg at ikkje alle fedrar på denne tida var så streng og han ler litt av dette, noko som kan seie noko om at han held litt avstand til faren sin autoritære framtreden. Vidare i samtalen spør eg etter nokre dømer på kva dei gjorde saman:

Petter: Ja eg husker jo han lagde mykje, han er jo død nå da, men vi lagde mykje ting saman, han var jo en kreativ type, mykje sånn snekring og laging av alt mulig rart. Han var ingeniør og lagde båtar, så eg husker vi drev og testa båtane ute i sånne strømmer, og hang båtane etter for å sjå korleis bølgjemønster var. Så han tok oss med på veldig mykje [...] Hehe. Ein vert vel kanskje spegelbilete av far sin, meir enn det ein ynskjer

å vere.. Nei eg veit ikkje, er vel sikkert lik på mange måtar, eg gjer nok sikkert mange av dei same tinga med mine born. Vi har hytte på fjellet, vi er mykje på tur ute. Eg trur nok eg er meir ute på tur med borna mine enn det han var, han var jo..på et vis, så var han yngre enn meg når han fikk barn. Han var i et anna steg i, altså han var under utdanning da vi var små [...] Eg trur vi gjer mykje av det same, men altså, eg er meir kanskje med borna mine enn han, han var vel meir dedikert til arbeid og studie når vi var små. Og det var kanskje meir knyta opp mot helger og sånn, at vi var meir saman. Sjølv om eg var yngre enn når eg sjølv hadde born så trur eg..vi er mykje meir på telttur og sånt, det gjorde vi (han og faren) mindre, sjølv om han var glad i å reisa på telttur så, i skogen og sånn, så trur eg nok ikkje han gjorde det så mykje med oss. (Intervju nr. 7, s.1).

Først kjem det fram at Petter gjorde mykje saman med faren. Det han vel å fortelje av dette er at han såg faren og hjelpte han med å teste båtar i straumar. Deretter byrjar Petter forklara kvifor han trur at faren var mindre saman med dei når han var liten, og hevdar at han sjølv truleg er meir med sine born. Slik fortel han at det er ein forskjell mellom dei, spesielt i høve til kva han gjer saman med borna. På dette området fremjar Petter seg betre rusta til å vere saman med borna enn faren, han ser faren sine handlingar innanfor ”ei anna tid”. Han ynskjer ikkje å klandra faren, men ser ein ulikskap i høve til deira tid med borna. Desse forteljingane kan tolkast som ”nyskapande” framstillingar av farspraksis slik Petter ser det. Inspirasjonen til hans praksis er henta frå faren, men det er ikkje eit mål for han å verte heilt lik far sin. Han syner heller at han har tatt med seg noko av faren sine prosjekt og vidareført desse til sine born, og tona ned andre tilhøve. Hans born har fått oppleva fleire turar og meir samvær med han, og det er på den måten han gjer noko nytt. Verdiane om å vere ute saman med borna har faren gitt han, og det ynskjer han å vidareføra til sin eigen familie. Far hans var *meir* dedikert til jobb, *meir* ”striks”, og *mindre* på telttur enn han. At Petter har ein anna identitet som far, kan syne at det å vere far kan ha ei anna mening for han. Såleis kan ein forstå hans tilskrivning til farsidentiteten som ei form for *feilsitering*, der meiningsinnhaldet i farspraksisane er endra av han. Det maskuline erstattast med dei meir feminine. Han vil ikkje vere for ”strikt”, men heller ha meir tid med borna sine.

Andreas vurderar òg sine handlingar ut frå far sin, men han handterar desse erfaringane på ein annan måte enn Petter. Andreas sin oppvekst har gjort han meir sikker på kva han *ikkje*

ynskjer å gjere som far. Under samtaLEN kjem det fram at han er eldst av sine sysken og hevdar det har gitt han gode erfaringar som han kan dra nytte av no når han sjølv er far. Han hevdar at hans tilhøve til sin far er noko annleis enn kva tilhøve han sjølv vil ha med sin familie og han forklarar kvifor:

Mariela: Er det noko forskjellar på deg og han?

Anderas: Vi er faktisk veldig forskjellige eigentlig. Pappa var veldig flink med sånn fotball, han og var flink med.. så vi hadde den biten, men han likte betre å vere med venner og den biten. Mens eg derimot syns familie, det er livet, det er det perfekte for meg da. Sånn er vi veldig ulike. [...] Ja, har vekse mykje på det positive og det negative. Mamma og pappa vart jo skilt når eg var ja fjorten - femten, tenker eg. Og det er ikkje noko gøy å sjå, men eg fikk jo ein del erfaringar frå det som eg kan nytte positivt då i min situasjon.

Mariela: Ja, er det noko spesielt du tenke på?

Andreas: For eksempel når mamma og pappa kjefta på kvarandre.. så byrja jo eg å tenka og snakka. Kva, er det noko vi har gjort gale, sant? Så ut frå korleis eg oppfatta dei, så veit eg korleis eg skal helde meg til mine igjen, sant. At sånn kan eg gjere, sånn kan eg ikkje gjere.

Mariela: At dei får med seg?

Andreas: Ja, born får faktisk med seg utruleg mykje, så ein bør vere forsiktig med kva ein seier så.. Så eg har i alle fall lært mykje av det familieforholdet.

Mariela: Tenkte du på det no..eller har du tenkt på det frå før?

Andreas: Har eigentlig ikkje tenkt så mykje på det, altså eg har vore klar over det, men nei, har ikkje tenkt over det ..nei (Intervju nr. 4, s.10-11).

I dette utdraget frå samtaLEN er Andreas opptatt av at han ikkje er samd i den prioriteringa som far hans hadde i familielivet. Han svarar snart på spørsmålet mitt og er klår på kva han meinar. Først byrjar han å tale om dei positive sidene med samværet, men ender snart opp med å forklare kva han sjølv syns er god farspraksis, og korleis han skil seg frå sin far. Dei er

ulike fordi Andreas vil vere nær familien sin og ynskjer å pleie forhalda til kone og born framfor venene. Familien må ha tid fordi han meinar det er viktig for borna hans. Eigne erfaringar om korleis han sjølv har opplevd å ikkje få merksemd frå faren, eller å sjå kranglinga mellom foreldra, har gitt han andre verdiar enn faren. Han har trekt lærdom av faren sine ”feil” slik han ser det, og han har ambisjonar om å gjere dette på ein betre måte. Gjennom å fortelje om dette syner han kor reflektert tilhøve han har til sin eigen praksis som far. Han hentar dette frå eigen erfaring og fortel om ei evne til å leve seg inn i borna sin kvardag. Både fordi han har passa småsøsken og opplevd foreldra sine handlingar og kva dei medførte. Praksisane hans vert grunngitt med dei tidlegare erfaringane hans som han har lært av. Andreas har ei forståing av sin eigen farsidentitet som noko tillært og han ynskjer ikkje å gjera oppsedinga av sine born på same måte som far sin.

Espen hevdar heller ikkje å ha eit ynskje om å hente direkte inspirasjon av foreldra sine når det gjeld oppsedinga av born. Det er i alle fall ikkje noko han medviten har gått inn for:

Mariela: Er det kanskje noko spesielt som dine foreldre gjorde som du vil at dine born skal, tenker på oppseding.. Noko du har henta frå far din eller mora di?

Espen: Eg har vel henta ein del, men.. Det er vel sånn mindre medviten, så veit ikkje heilt korleis eg skal setje ord på det, men det er gjerne .. Eg vaks opp på tidlig syttital, sant. Trur dei såg litt annleis på oppseding av born enn kanskje dei gjer i dag. Det er vel kanskje litt meir fokus på kanskje ting eg ikkje vil gjera som dei. Vil ikkje klandre dei, men dei gjorde på ein måte det som var riktig ut frå si tid og sånn som det var då. Vi var jo som sagt mange søsken og har jo vore overlatt til oss sjølv i leiken. No er vi litt meir sånn, skal vi liksom ha kontroll heile tida, ”kor er den, kor er den”. Før kunne vi vere vekke kanskje eit par timer utan at foreldra vore visste kor vi var, kanskje vi var ved elva og fiska eller oppe på ein haug ein eller annan plass.. så det er ting som eg har tenkt i ettertid, ”ja, sånn vil eg ikkje gjere, sånn vart vi oppdratt, kanskje eg skal gjere det på ein anna måte”

Mariela: Syns du det er bra at ein har kontroll på det ungane gjer no?

Espen: Både ja, både ja og nei eigentleg. Kan verte for mykje sånn hysteri og.. Må liksom ikkje vere sånn at du held ein klam finger over ungane, at dei ikkje får prøve

seg ut, litt prøva og feila, dei skal jo læra, og dei lærar av det og. Så det er ein balansegang, ja. Må sleppe dei i tide, ikkje la dei kjenna at her er kontrollfrikar til foreldre. Men det er sant, vi bur i byn [...] Det er meir trafikk, det er meir farar sånn sett, på bygda så var det mest, det var ein traktor som kjørte forbi. Klart, eg ser jo at det var endå fleire farar der eigentleg då, siloar og alt mulig sånn. Eg skjønar ikkje at dei gav oss så frie tøylar til å fare rundt på eige hand (Intervju nr. 5, s. 6-7).

Espen har eksplisitt eit ynskje om å gjera noko anna enn foreldra sine i oppsedinga, og han svarar meg med omsyn til foreldra saman, ikkje faren aleine. Eg er ute etter å høyre korleis dei opplev sin situasjon i høve til sine born og spør han meir om oppseding. Leiken er eit døme han tek fram for å syne at han vil ha litt meir oversikt over borna, og at foreldra hans ikkje haldt han med det same oppsynet. Han uttrykkjer tidlig at når det gjeld foreldra hans er oppsedinga noko han vil gjera annleis. Samstundes nemner han at i desse dagar er foreldre veldig mykje på vakt. Den kontrollen er han medviten, og han kan verke noko skeptisk til at foreldre skal vere der heile tida. Etter å ha reflektert kring sakana kan det forståast som om han sjølv heller vil ha oversikt over kvar borna leikar, enn å sleppe dei åleine av stad på eige hand.

Ei meir kontrastfylt skildring om far og son –relasjonen, kan ein sjå i eit utdrag frå Stian si forteljing. Han fortel at faren arbeida mykje dei første åra av hans liv og dei såg kvarandre mest når det var helg. Dette kom av at faren pendla nokre timer for å jobbe når han var liten. Dei var to brør, der han var yngst og det kan verke som om Stian har eit ambivalent tilhøve til faren når eg spør om deira forhold. Han hevdar faren burde nytta tida si annleis i høve til familien:

Stian: Vaks opp der med ein far som i byrjinga var mykje vekke, men samstundes alltid stilte opp og.. Når eg kom i tenåra, så kom han inn i idrettslag og sånn. Han var tilstades, men eg har snakka med han i vaksen alder ..Det er episodar frå barndommen, som liksom som, er alltid relatert til at han kjem heim frå noko, eller vi reiste på ein ferie, eller vi reiste vekk. Han var veldig opptatt av.. For han var det veldig viktig med ferie. Sommarferie, vi har alltid reist til utlandet og.. alltid ein eller anna stad og så var det.. [...] Han var opptatt av å ta oss med, for det var hans måte å helde kontakta med oss på. [...] Altså, det er noko eg har sakna med han. Han var veldig lite til å engasjere seg

i oss, altså det var lite han tok oss med på, som han gjorde aleine. Alltid oss med familien (Intervju nr. 8, s. 1).

Det kjem fram her at Stian ynskjer at faren var meir tilstades for berre han og broren, og at han syns tida deira saman ikkje var bunden til kvardagen, men til helg og ferier. Tida saman med familien handla mest om at faren skulle ”gjere opp for ” den tida han ikkje hadde vore heime, noko som gjorde at han tok dei med på ulike turar. På denne måten var det heile familien som stod sentralt når faren var heime, og ikkje sonene eller Stian aleine. Om ein ser på sitata i kapittel 3 var det å ”ta igjen tapt tid”, noko eg var inne på i samband med 1976, der husmora venta på at mannen skulle kome heim frå fiske. Petter nemnde noko av det same. Det var i helga faren hans tok seg tida til å vere saman med dei. Då hadde han regien av samværet med familien.

I Stian sitt tilfelle kan det verke som om han distanserer seg frå faren sin tidsbruk, for å syne korleis han hevdar eit optimalt tilhøve til borna skal vere. På denne måten understrekar han sin måte å helde seg til sin eigen identitet som far. Det vil ikkje vere greitt for han å vere vekke så mykje frå sine eigne born. Eg spør etter eit døme på noko han hugsar dei gjorde saman, og han fortel om ein gang han vart med til byen der faren arbeida, for å spele fotballkamper med laget sitt. Han ynskjer å forklara korleis han opplevde å vitja faren, og vidare korleis han (og broren) fekk kjensla av at faren ikkje lukkast i å møte deira ynskjer på denne tida:

Stian: Eg var hos han i ei veke, kor vi gjorde eit par ting. Men han var jo i jobb så, så eg var jo åleine heime hos han i huset, mens han var på jobb, og eg huskar den rare kjensla av ”kva gjer eg her” - liksom. Hehe. [...] Det er faktisk det einaste isolert som eg hugsa at vi gjorde saman.. sånn av utflukter. Ellers så hadde vi.. Eg trur at han hadde veldig høge forventingar til meg og bror min, sånn i forhold til kva vi skulle verte og sånn, så han har nok hatt gode meininger med ting, men så trur eg at den kombinasjonen med at han har vore mykje vekke og ikkje klart å farga oss slik han kanskje ynskte, og samstundes då skal kompensere for det, så har han på en måte ofte blanda seg for mykje inn i ting i våre val [...]Så eg trur han har påverka meg til å ta ein del val, som i etterkant eg skulle ynskje at han kanskje berre hadde ”bekka” meg i staden for å fortelje meg kva eg skulle gjere (Intervju nr. 8, s. 2).

I følje Stian har faren valt å ha eit anna liv i høve til familien sin enn kva han sjølv ynskte for seg og sine. Han vil at faren skulle gjere noko anna enn å ta dei med på ulike ting, han ynskja heller ei stadfesting av ei gjensidig interesse dei i mellom. Sånn sett kan han forståast som litt skuffa. Giddens hevdar at tilhøvet mellom foreldre og born i den seinmoderne tid er sentrert kring ei demokratisering og borna i høgare grad handsamast som sjølvstendige av foreldra. Som nemnt opptrer den seinmoderne forelder meir sensitivt i tilnærminga til borna, og forståinga av dei er ei viktig side av oppsedinga (Giddens 2008:98). At Stian fortel dette, kan syne at han har andre forventningar til seg sjølv som far når det gjeld oppseding av born. Han vil verte kjend med deira ynskjer og forstå dei.

Ein-til-ein-relasjonen som ideal

Dei yngste vurderar seg sjølv til å gjere noko anna i si skaping av farsidentitet enn deira eigne fedrar. Når dei vurderar sine fedrar, kan det verke som om dei set fokus på kva dei sjølv er best på, til dømes eit spesielt engasjement i borna. Måten dei framstiller fedrane sine ”mislukka” val og nytte av tid på, vitnar på deira måte å presentere deira ideelle farsidentitet. Vidare syner dei fram ei evne til å vere kritisk til eigne handlingar i høve til borna sine, og på den måten krev dei sin plass som fedrar. Dei opplever seg sjølv som del av den såkalla likestillingsdiskursen fordi dei hevdar å ha fullt fokus inne i familien og ikkje utanfor den. Dei vil ha kontakt, engasjement i borna og prioritering *i* familien. Denne ein-til-ein-relasjonen vert noko som framstillast som meir sjølvsagt for dei. I høve til Butler sine omgrep om kjønn presenterar fedrane seg maskuline, i høve til deira sikre framtreden. Samstundes er dei inne på ein arena – dei talar om deira små born og korleis fedrane deira ikkje gav dei ein nær kontakt som dei hevdar er viktig å ta omsyn til.

Å dele erfaringar med andre fedrar

Nokre av informantane mine gjorde meg merksam på korleis tilhøvet deira er til det å snakka med andre fedrar om borna sine og andre menn generelt. Med omsyn til kjønnsperspektivet valde eg å ta med eit avsnitt om dette. Alle fedrane hadde meininger om sine eigne fedrar, der det kjem fram at dei både kunne sjå opp til dei og ta lærdom frå dei. Informantane fortel at i stor grad har dei tatt etter og gjort som fedrane sine, men desse lærdomane er ikkje henta frå samtalar med fedrane. Eg prøvde først å finne ut kven dei tala med om dei ikkje tala med sine

fedrar om born. I dette avsnittet vil eg syne dei forteljingane som kom fram i høve til dette. Eg spurde nokre av fedrane om dei snakka med vener eller andre fedrar om sine born. Nils frå den eldste gruppa var av den oppfatning at dei fedrane som har små born i dag, er flinkare til å snakka seg i mellom om born, enn kva dei var i hans tid. Har fortel kvifor det er viktig å kunne snakka om det å vera far:

Mariela: Hadde du nokre meininger om det å vere far sånn, før du vart det?

Nils: Trur ikkje det var nokre sånne spesielle tankar..var no sånn heilt vanlig det..stort sett så var jo alle far i same alder som meg.

Mariela: Så kjente du fleire som var i same..?

Nils: Jada, masse venar.

Mariela: Snakka dykk noko om det?

Nils: Sss, nei.. mann og mann i mellom, så var det i hvertfall ikkje snakk om det.. det har dei vorten flinkare til det no enn dei...

Mariela: Ja, du trur dei er flinkare no?

Nils: Ja, eg trur det, håpar det.. hehehe

Mariela: Ja, du håpar det?

Nils: Det håper eg..

Mariela: Kvifor håpar du det?

Nils: Nei, for det at alt var jo sånn hysj hysj.. Stilteiande, hadde det meste for deg sjølv. Det er jo mykje betre om du kan snakka om ting, viss du har eit problem [...] Ikkje det at vi hadde problem sånn sett, men det trong ikkje berre vere eit problem, men det som var positivt (Intervju nr. 2, s. 5).

Nils fortel at det å dele tankar med andre venar ikkje var så aktuelt på hans tid, og hevdar det er nyttig for menn å gjera dette i dag. Sjølv stoggar han litt når spørsmålet mitt kjem, om han prata noko med venene sine på denne tida. At han trekk seg litt her, kan stadfeste at han syns

det er lite å fortelje om saka, og at temaet er vanskelig å seie meir om. Nils seier at ”mann og mann i mellom” var det lite snakk om born. Såleis kan det verke som om det var enklare mellom menn og kvinner. I botn peikar Nils på at det var eit kjønnsaspekt som spela inn, og at menn ikkje hadde for vane å snakka om born seg i mellom. Det kjem vidare fram at Nils trur det er bra å fortelje om kva som er positivt og ikkje helde ting for seg sjølv. Vidare trur han dei er flinkare til å prata menn seg imellom i desse dagar. Han ser positivt på dei yngre fedrane si framferd.

Petter tilhører den yngste generasjonen. Han byrjar å fortelje om ei hending han hugsar godt når eg spør om han diskuterar det å vere far med andre enn ektefellen, Mona. Han er inne på korleis menn uttrykkjer seg om eigne born seg imellom. Forteljinga syner at det kanskje ikkje er så lett i desse dagar heller :

Mariela: Men diskuterte du det noko med andre fedrar kanskje?

Petter: Næ, ikkje, ikkje så mykje, det er, fedrar er vel litt mindre flinke til det. Hehe, vi hadde sånn middag.. Vi er vel fem stykk trur eg, [...] og vi treffast første måndag i kvar månad for å ete middag [...] lager middag med vin og sånn. Han eine, han vart far til to jenter, og så vart han far rett før vi skulle møtast igjen. Hahaha og når eg kom heim, så spurde liksom Mona korleis det hadde gått med dei, og så tenkte eg, vi diskuterte ikkje det bornet i det heile den kvelden. Og det er litt sånn, litt sånn gale det også, for det at menn har ganske fort et anna fokus, når de kan sjalte ut det fokuset litt av og til. Då tenkte eg, vi burde jo ha sagt gratulerer du fekk jo ei dotter for to veker sidan.. Det var liksom rett kring valet, så vi var liksom fort inne i politisk debatt, vi gløymde rett og slett det så. Så det var ikkje sånn at eg debatterte, diskuterte med andre fedrar korleis det var meir så det. Det var nok meir sånn overfladisk. Det var meir bilet av oss som familie vi søkte etter da, ønsket og ja.

Mariela: Ja, det er jo interessant det du seier der, at dei kanskje, at menn ikkje diskuterer sånne ting seg i mellom..?

Petter: Nei, sånne ting er vi nok lite flinke til..ja. Går nok ikkje på same måten i djupna som kvinner er flinke til å gjøre.

Mariela: Hm, kanskje.. men du hadde jo tenkt på det etter på då? Altså, du fortalte til

meg no at du burde ha sagt noko..?

Petter: Jajaja, eg kom på, jøss, ja sjølvsagt. Menn kan være litt fjerne kanskje, hehehe.
(Intervju nr. 7, s. 6).

Vi ler av hendinga, og når eg spør han på slutten om han burde sagt noko til venen sin, så er han tydelig på at det ville han. Presentasjonen av episoden og korleis den avsluttast peikar på Petter si haldning. Han syns det var merkelig at dei ikkje hadde gratulert kameraten, og han syner for meg at han er medviten dette. Dei ville sagt noko, om dei hadde hugsa på det. Til slutt grunngjev han hendinga med at menn kan vere litt fjerne. Han tek fram kjønn som argument for at det skjedde. Mitt spørsmål var om han snakka med andre fedrar om born. Han konkluderar med at menn generelt er sånn. Såleis er han klar på at det er ein kjønnsforskjell som er med å verke inn i denne episoden, der kvinner framstilla som flinkare til å ta høgde for og hugse på andre rundt seg enn menn. Samstundes synar han seg sjølv som mann når han seier dette, og at det ikkje kan forventast noko anna når menn møtest. At dei er menn vert forklaringa på at dei gløymde. Det kan òg seie noko om at han meinat at det er meir interessant å fokusera på familie for seg, og at fokuset på vene lyste vente på seg. Som vi såg i kapittel 3 er nokre familiarar i dag meir festa til jobb. Når Petter først har tid til vene, handlar det mest om samværet med dei, sidan dei berre møtest ein gong i månaden. At dei har ein fast dag og tid der dei møtest, kan òg seie noko om at det å planlegge er viktig for å kunne ta del i samhaldet.

Andreas får òg spørsmål relatert til kven han snakkar med om born. I dette utdraget er han noko vag, men hevdar han diskuterar born med venene sine.

Mariela: Ja, har du snakka noko med kompisane dine om dette?

Andreas: Ja, når vi er og siglar så er vi veldig få på eit veldig lite område, så vi pratar jo om alt, og ingenting..så.

Mariela: Ja, for no er det fleire som er i same situasjon?

Andreas: No er det fleire som er i same situasjon.

Mariela: Ja, husker du noko sånt spesielt som de har snakka om i forhold til born då?

Andreas: Veit ikkje, det eg merker er jo at folk flest er veldig flink til å finne på ting. Ta dei eg kjenner då, dei er liksom sånn ”No er det helg, då må vi i alle fall finne på ein ting. Til dømes reisa på fjellet eller...” [...] , altså eit eller anna. At det i alle fall er det viktig å finne på eit eller anna. Sånn som kvardagen er ofte at ein er på jobb, kommer heim, et middag, så er klokka litt mykje. Og så ” Skal vi gå ut, eller bare slappe av litt” og då blir det lett for å slappe av då (Intervju nr. 5, s. 6).

Andreas byrjar med å fortelje at han kan finne på å snakke om ”alt og ingenting” med venene sine når han er ute på reise i jobben sin. Når han får direkte spørsmål, vel han å gje døme på folk han kjenner i same situasjon. Det han fortel om her handlar om det å finne på noko med borna. Dei har snakka om kva dei kan finne på saman med sine born, og underhaldningsverdien i kva dei gjer saman kan verke noko viktig her. Han fortel at dei har snakka saman, men praten handlar meir om aktivitetar og underhaldning, enn erfaringar og måtar å handtera born på. Hans fortel om at han har diskutert born på jobb, når eg spør han om kva det har gjort med han å verte far, og det synar seg på slutten kven han held seg mest til på arbeidsstaden:

Hans: ja, om eg var same typen no som før.. [...] Kan godt henda eg snakkar litt meir om ungar, sånn som i lunsjen, enn det eg gjorde før. Eg syns det eigentlig var litt kjedelig å høyra på diskusjonane som føregjekk i lunsjen før eg fekk ungar sjølv. Men no så står det til.. No har jo eg små ungar, men då er det hund dei diskuterar hehe.

Mariela: Hehe. Men kva er det de snakkar om i lunsjen?

Hans: Nei det er no, gjerne slike ting som oppseding, det kan vi godt ha ein diskusjon på. Forskjellige filosofiar frå person til person. Men òg så går det veldig mykje kva dei gjer på, idrett og alt sånt.

Mariela: Er det mest menn på din alder då?

Hans: Nei, det er faktisk flest kvinner på arbeidsplassen min (Intervju nr. 6, s. 4).

Hans er den einaste som tek fram oppseding som aktuelt diskusjonstema, medan dei han diskuterar dette med kan tilsynelatande vere flest kvinner. Det å snakke om born for fedrane handlar ikkje om å dele erfaringar eller diskutere oppseding. Både Petter og Nils er klar på at

menn er dårlege på å snakka om det å ha born, og syner dømer på dette. Dei nyttar kjønnsforskjellen som argument, men Nils ser for seg at menn er flinkare å tale om sine erfaringar i dag. Andreas kan fortelje kva han har diskutert med kameratar, men er då mest oppteken av kva dei finner på saman med borna, og ikkje korleis dei tek seg av dei. Hans er inne på oppseding av born som diskusjon emne, men det er noko usikkert om det gjeld diskusjonar med andre fedrar ut frå dette utdraget. Det er ut frå desse forteljingane få forskjellar når det gjeld synet på menn sine evner til å diskutere og dele erfaringar kring born. Ein kan sjå ein tendens til at dette ikkje hender så ofte.

Om relasjonane til sine eigne fedrar 1970 og 2000

Vi har sett at det å tale om sine fedrar har fått fram aspekt ved informantane sine eigne forståingar av sine praksisar som fedrar. For å sjå etter ulikskapane først, så kan det verke som om misnøya mot fedrane er sterkare for dei yngste, enn for dei eldste. Det handlar om å ha ei litt anna tilnærming til born for dei yngste. Denne gruppa forstår sine praksisar som gode, fordi dei understrekar korleis dei skil seg positivt frå fedrane sine og rettar seg spesielt inn på oppsedinga. Nesten alle dei yngste kjem med konkret kritikk mot eigne fedrar i høve til nærleik og samvær. Petter talar om eit større rom for diskusjon mellom han og borna. Noko av den same kritikken kjem frå Stian, der han ynskja å verte ”bekka” av far sin, og engasjera seg i han. Dei ynskjer meir sensitivitet frå seg sjølv mot borna. Espen ynskjer å peike på at det er greitt å ha meir ordning på kva borna tar seg til, og Andreas er klar på at han lærte mykje av dei opplevingane han hadde med far sin. Dei er begge kritiske til fedrane si handtering av dei i høve til oppsedinga.

Dei eldste fortel korleis fedrane deira disiplinerte dei igjennom opplæring i arbeid, og dei yngste talar om fedrar som ikkje engasjerte seg nok i deira liv. Dei eldste fedrane er ikkje opptatt av at dei ikkje fekk gjere noko ”spesielt” saman med far sin, medan dei yngste sakna meir samvær for samværet si skuld. Sjølvsagt ligg desse spørsmåla nærmare for dei yngste enn dei eldste sidan dei har små born no. Samstundes veit dei eldste om diskursen om fedrar som er i dag, men fortel likevel om fedrane sine som dei gjer - dei er mindre kritisk enn dei yngste fedrane. Birger fortel at det var ikkje greitt i hans auge å straffa borna, slik han hadde vore utsett for. Han talar om å ha ei rettkomen oppseding, medan Nils og Tor fokuserar på kva dei observerte sine fedrar gjere. Informantane ser fedrane meir utanfrå måten dei fortel om sine

relasjonar til dei. Ein kan òg sjå på dei eldste sine skildringar for å stadfeste noko av kva dei yngste seier om sine fedrar. Dei eldste seier at dei hugsar best at dei lærte å vere praktisk- og arbeidsorientert, medan dei yngre hevdar dei ikkje ynskjer å la arbeidet kome før familien, og dei talar mindre om arbeidet dei sjølv gjer for å tene pengar. Dei vil leggje meir til rette for borna ut frå deira barnlege ynskjer. Spørsmålet verkar meir ”tilgjengelig” å svara på for dei yngste enn for dei eldste. I siste del av dette kapittelet kunne vi sjå at det å tale om born mellom menn kan verke som mindre vanleg, med omsyn til diskusjonar kring oppseding og problem. Om ein ser tilbake på kapittel 3, var og er omtale om dette lite representert av menn både i 1976 og 2006. Den offentlege samtale om fedrar handlar der om at fedrar nyttar tid med borna. Farsidentiteten i 1970 kan ut frå desse samtalane handla mest om vern av borna og er såleis meir festa til maskuline eigenskapar og førestillingar, medan i 2000 ynskjer fedrane å ha ein relasjon til kvar enkelt born, på ein mindre autoritær måte.

Kapittel 5:

Skildringar om omsorg

I dette kapittelet vil eg sjå nærmere på fedrane sine skildringar om nærliek. Nærlek til eigne born kan utspelast på ulike måtar, og i denne samanheng tyder nærliek på kva måte fedrane stiller opp og knyt seg til borna. Eg ynskjer å seie noko om korleis deira tilhøve til og fokus på borna er når borna er små. Måten dei set ord på, og uttrykkjer desse større eller mindre episodane knytt til nærliek kan seie noko om deira fokus. Eg vil her nytte Oftung sine kulturelle kategoriar for å syne noko om fedrane sin måte å setje ord på sin farsidentitet og farspraksis. Kva meiner dei er relevant å fortelje om sine farspraksisar, og på kva måte kan ein sjå Oftung sine kategoriar i høve til desse samtalane?

Først vil eg gå igjennom Oftung sine kategoriar for farspraksisar. Vidare vil eg syne kva dei yngste fedrane fortel om deira møte med bornet og korleis deira tid vart nytta i høve til det. Eg vil analysera den eldste generasjonen på same måte etterpå. Oftung vil eg nytte for å kunne seie noko om korleis nokre av fedrane uttrykkjer sine praksisar. Eg vil til slutt samanlikne dei to generasjonane sine forteljingar med utgangspunkt i Oftung sine kategoriar.

Oftung sine script for farspraksisar

Eit av mine teoretiske perspektiv er Oftung sine script for fedrar. Eg vil no gjere greie for korleis han skildrar desse, for vidare å nytte dei i analysen av mine samtalar med fedrane. Det første scriptet er *forsørgerfaren*, som kan hevdast å vere ein mogleg måte å vere far på, òg i desse dagar (Oftung 2009:49 og 50). I høve til borna er forsørgarfaren den som har (hovud)inntekta til familien, medan mor er heime med borna og tek seg av den daglege omsorga for dei. Far er ikkje involvert i borna anna enn i helga. Då skal han kome inn med noko ekstra til familien, som opplevingar eller aktivitetar med han som instruktør. I kvardagen har han nok med arbeidet og har mindre overskot eller mogleik til å vere saman med borna. Oftung hevdar at desse fedrane heller har samvær med familien i helga. Han tek rolla som instruktør for borna og kan difor kallast for aktivitetspappaen. Typisk for aktivitetspappaen er

at han stiller opp som trenar for borna sine eller ynskjer å vere med på dugnadar i samband med deira interesser. Forsørgarfaren kan vidare forståast som grensesetjaren og oppsedaren i familien. På den eine sida står han utanfor den daglege oppsedinga og kan difor framstå som ekstra autoritær for borna om han trer inn. Denne statusen kan òg nyttast positivt, der det er litt ekstra spanande om far har litt meir tid til borna ein dag. For fleire fedrar er dette scriptet noko som handlar om eit sterkt band til familien ut frå at dei vil verna om den igjennom arbeidet dei gjer (Oftung 2009:52).

Det andre scriptet er *hjelpe-til-faren* der far endå er i full jobb, og kan jobbe overtid, men tek på same tid del i heimlege sysler og borna (Oftung 2009:54). Mor organiserar likevel mest i heimen og jobbar ofte deltid. Han tek seg av borna på ein nærare og meir intim måte om han treng det og har faste oppgåver han gjer i høve til dei. Arbeidsfordelinga i heimen er såleis ikkje tilfeldig for han. Hadde den vore det, ville det gjere hans plass som mann i heimen litt for lite definert, ifølgje Oftung. Det er mor som kjenner borna best fordi ho er mest heime med dei, noko som gjer at hjelpe-til-faren ikkje får den same kontakta med borna som mor. Dette vil han truleg berre forstå som ei avklaring på at mor har ei meir ”naturleg” kontakt med borna enn kva han kan få. Dette hevdar Oftung igjen er med på å låse mannsidentiteten inn i faste rammer for kjønn, der hjelpe-til-faren ender opp med å stå svakare enn mor i høve til kompetanse på borna. Borna kan velje å ikkje ynskje den same kontakt med far som med mor, fordi mor er hovudomsorgsperson og dei kan lettare ha denne kontakta med henne. For hjelpe-til-faren heng arbeid og mannsidentitet sterkt saman, der jobben gjer han mannleg, og ekstra mykje jobb forsterkar og forsikrar han som mann (Oftung 2009:57). Far kan her gjere både jobb og heimearbeid, men berre om det naudsynt, om til dømes mor ikkje er heime eller er borte på det tidspunktet.

Det siste scriptet er den *likestilte far* og kan for fleire forståast som idealscriptet i dag, hevdar Oftung (Oftung 2009: 59). Her jobbar ofte begge foreldre mykje og har difor like mykje, det vil seie lite tid til borna. Foreldra står likt både i nytta av tid ut og i oppgåver heime, og difor kan likestilte far gå inn i alle delar av omsorga for borna, fordi han har kompetanse til dei ulike gjeremåla. Om mor er borte i samband med jobb, kan han ta styringa og gå aktivt inn i oppgåva utan større utfordringar, sidan han meistrar samværet med borna og heimen. Far sin måte å gjere omsorg på er like god som mor sin og det er sjølvsagt for han, fordi det botnar i ei felles forståing om at far sitt engasjement er like nyttig som mor sitt. Han er av den

oppfatting at hans tilskot til borna er hans prosjekt (Oftung 2009:62). I høve til forsørgarfaren og hjelpe-til-faren er dette scriptet annleis, fordi desse fedrane trer inn i omsorga på meir av sine eigne premiss enn dei to førre scripta. Deira engasjement er noko dei vil hevde gjer livet som far rikare. I følje Oftung er det få i Noreg som passar fullt ut inn i den likestilte far sitt handlingsrepertoar. Er både mor og far høgt utdanna aukar sjansen for at familien fungerer etter dagens ideal om likestilling, som den likestilte far (ibid).

Den yngste generasjonen

For nokre av fedrane var det lett å setje ord på og reflektera kring opplevinga av å få sitt første born. Fødsel er sjølvsagt ei stor hending og avgjerande i forteljinga om å vere far, og det kom truleg ikkje så overraskande på informantane når dei fekk spørsmål om dette. Dei hadde alle nokre tankar å dele. Eg spurde kva dei hugsa å ha opplevd på klinikken. Mitt føremål var å få tak i deira konkrete reaksjonar i samband med handlinga og enkeltepisodar frå møte med bornet.

Andreas er den yngste i si gruppe som far til små born, og han var student då han fekk sitt første born. Utdraget seier noko om hans reaksjon på mine spørsmål, og men først kva han umiddelbart hugsar. Han korrigerar seg noko når han forstår kva eg er ute etter å spørje om, for han veit korleis han ynskjer å svare meg. Først byrjar han med å skildre fødselen på denne måten:

Mariela: Eg spurde litt om den første tida og sånn, kan du seie litt kva du tenkte når du var der på sjukehuset?

Andreas: Fødselen, det er veldig rart å tenke på eigentleg, fordi ein får litt sånn adrenalin når vannet går, for å seie det sånn. Ting skjer veldig fort eigentleg, så gløymer ein det meste i etterkant. Husker bare de store tinga. Gikk veldig fort, vi ble kjørt til kvinneklinikken, så var nesten fødselen i gang med en gang.

Mariela: Dei store tinga, kva du meiner med det?

Andreas: Ja, altså plutselig så var vi på kvinneklinikken og så var fødselen i gang. Eigentleg så var det jo nesten to timer mellom der vi venta, men eg hugsar ikkje det. Husker liksom bare at vi kom opp der og at fødselen var i gang, og du har puls og alt

er nytt og spennande. Så det er bare de store tinga eg hugsar, altså slike ting.

Mariela: Ja, hugsar når du fekk helde han og..?

Andreas: Ja, det er sånne ting, så.. det kan nesten ikkje skildrast, det er ei herleg kjensle, så det må nesten opplevast då (Intervju nr. 4, s. 4 og 5).

Andreas fortel først at det er dei ”store tinga” han hugsar. Eg forventar detaljar om dei meir nære og personlege sidene av hendinga. Samtalen tek ei vending når eg spør om korleis det var å halde bornet, og seier noko om kva forventningar som tildelast farsidentiteten frå meg. Eg ynskjer å spørje han indirekte om kva kjensler han fekk av å helde sonen for første gang, for å gje han mogleik til å innfri forventninga om å setje ord på fødselsopplevelinga med omsyn til nærleik. Spørsmålet gjer at han er snar og tek ”oppfordringa mi”, og byrjar å fortelje om den herlige kjensla han fekk. Samtalen syner at førestillinga mi av ei slik hending er henta frå ein type forståing av farsidentitet. Denne delen av samtalen seier mest om mine forventningar. Samstundes syner den at Anderas er medviten om korleis han kan fortelje om nærleik når eg gir han ”signal” om det. Det er difor ikkje eit tabu for han å få direkte spørsmål om kjensla av å helde bornet.

I denne delen av intervjuet vel Andreas først å fokusere på fødselen som ei adrenalinladd hending, og gjer eit poeng av spenninga. Han seier at tida eksisterar på ei anna måte, det skjer ”plutselig” noko, og han får høg puls. På den eine sida kan det tolkast som om han nærmast ser fødselen utanfrå, fordi han ikkje skildrar ein konkret episode for meg. Forteljinga kan òg syne noko om korleis ein kan få utløp for kjensler. Hendinga er skildra som intens, og kan tolkast som ein måte å agere på som er individuelle konstruksjonar meint for denne type livserfaring. Såleis framkallar den store hendinga emosjonar som får utløp i adrenalin (Seremetakis 1994). Han seier at han får adrenalin når vannet går. Hans skildring kan tolkast som om han var ein del av det som skjedde på eit kjenslemessig nivå. Forteljinga seier noko om at hans kjensler vert festa til hendinga, og at det er noko han vil gjere meg merksam på. Når han seier at ”ein får litt sånn adrenalin når vatnet går”, kan det verke som om han nærmast opplever seg sjølv som del av fødselen. At han fortel dette, kan forståast som om han vil syne noko om sin farsidentitet. Samstundes er det han og hans trulova som kan oppleve noko av det same her. Bornet fortel han meir om etter at eg byrjar å spørje.

Eg spurde Petter om kva han hugsar frå då deira første born vart født, og hans forteljing er noko ulik Andreas sin. Petter har ei meir avgjort meinинг om ein meir konkret episode med bornet:

Petter: Eg husker veldig godt da eg fikk Stine, som den første het, opp i hendene, da Mona da lå og hvilte ut etterpå. Så var hun så kald på hendene, så eg kunne blåse varme i hendene hennes, første gang eg hjalp barnet mitt med sånne, ja at eg var far og tok meg av henne som et som et barn, og tenkte at disse hendene skal eg sikkert blåse varme mange ganger.. opp igjennom livet, så det var veldig sterkt syns eg.. (Petter intervju nr. 7, s. 3).

Eg tolka dette som at Petter fortel om ei erkjenning han gjorde kort tid etter at han hadde fått sitt første born. Han skildrar kva han førestiller seg er ein viktig del av hans identitet som far. Å vere far er for han å stille opp med dei mindre tinga, som det å halde varmen i hendene til dottera si. Han fortel på denne måten at han er innforstått med og ynskjer at framtida kjem til å dreie seg om henne. Forteljinga i sin heilskap er såleis lagt fram som i ein nærmast romantisk metafor. I overført tyding meddelar han ei sterk kjenslemessig tilknytting til jenta. Han peiker på sitt eige tilhøve til bornet. Denne nærkontakta som Petter syner kan vidare tolkast innanfor Oftung sitt script for *den likestilte far*. For det første syner han seg som sjølvstendig i høve til henne, med omsyn til kva han vel å gjere i møtet med henne. Nærleiken kjem som ein sjølvsagt del i relasjonen til bornet, og framstår ikkje som ei sperring som han har problem med å takla eller ta del i (Oftung 2009:62). I denne delen av samtalens fremjer Petter eit ideal i tida når han fortel, han gir uttrykk for å ha internalisert dette. Såleis er dei orda han meddel hendinga med ”lett tilgjengeleg” for han. Han er medviten om at denne måten å snakke på er akseptert. Slik eg tolkar han kan det hevdast at eit fråvær av far er forstått som noko negativt i desse dagar (Brandth og Kvande 2003:18). Han møter meg med ei forteljing som er lett gjenjenneleg, der det er lett å vere klår og trygg på korleis han kan ordleggje seg. Det er ei fysisk og kjærlig handling han fortel om. Petter syner at han vil tre inn for bornet og han er trygg på at nærleik er ein del av å gjera dette. Her kunne han ha valt å fokusera annleis enn å framheva nærleiken til bornet, men det er eit kulturelt repertoar der, som syner hans agenda på ein måte som han ynskjer. Han kunne ha fortalt noko anna, der han til dømes la meir fokus på ektefellen enn på sin eigen inntreden for bornet etter fødselen.

Stian er ein anna informant som fortel mest om kva som skjedde ei etterkant av fødselen. Eg spør om kva han hugsar frå fødselen til sitt første born, og han skildrar eit minne frå tida etter dei kom heim frå klinikken:

Stian: Men eg trur ikkje det gjekk opp for meg, eg trur ikkje det gjekk opp for meg før den dagen eg trilla han heim frå klinikken. Dette var jo, han var født i desember. Han låg littegrann på grunn av gulsott. Så låg han der liksom i vogga, og det var seint, stearinlys i stova, det var dempa belysning. Då kjende eg, eg vart heilt, så sprakk eg heilt. Eg byrja å.. Eg grein så det heldt, det var den enorme, ja, den kjensla av å vere kry, når det går opp for deg (Intervju nr. 8, s. 4).

På same måte som Petter fortel han på ein konkret måte og i klar tale om kjensla som sonen gir han, han er kry. Han fortel at det var ei stemning som sat seg i han då var heime frå klinikken, og han byrja å innsjå kva som hadde skjedd.

Med denne episoden kjem det fram at han tillèt seg sjølv å fortelje om reaksjonane han hadde. Stemninga greip han, og han kan fortelje konkret kva det tydde for han. Uttrykket han gir kan difor vere henta frå eit liknande script som Petter. Stian fortel om å vere involvert i fødselen på eit kjenslemessig nivå som først og fremst vert knytt til kontakten med bornet. Stian kjem sjølv inn på kva han tenkte om tida på klinikken, og skildrar litt meir om kva han tenkte rett etter fødselen:

Mariela: Ja, så det var når du først kom heim at du kjente?

Stian: Ja, det var då du fikk kjenne på det, det er litt den der augneblinken. Når det er opp på klinikken, så kjem det mange menneske, du klarar liksom ikkje, det er litt meir å vere kry og vise fram det her trofeet liksom. Hehe, men når eg då kom heim så var det fantastisk... så det var førstemann (Intervju nr. 8, s. 4).

Det kan verke som om det vart for mykje for han å gje seg hen til det emosjonelle i hendinga når han var på klinikken, eller at det som hadde skjedd ikkje hadde gått opp for han heilt. Han forklarer dette med at det heller handla meir om å vise fram ”trofeet” som han seier, enn å vise kva kjensler han hadde der og då. Stian kjem med noko anna i si forteljing enn dei to førre informantane. Å snakka om bornet som eit trofé kan vere ein måte å leggje opp til å verte forstått innanfor det maskuline symboluttrykk. Det er altså grunn til å hevde at ei kvinne

ikkje ville nytte same uttrykk sjølv om ho kjende på det same, det ville ha kome til på eit seinare stadium. Metaforen om trofeet refererer til førestillinga om mannen som presterar noko, og visar sin triumf etterpå. Ein kan sjå førestillinga som eit mindre uttrykk for kulturelle kjønnsnormar, der mange av våre referansar kan vere henta frå ei dikotomisk tenking kring kjønn.² Stian isceneset seg sjølv som maskulin, samstundes som han fortel om ein sterk nærleik og kontakt til bornet. Forteljinga peiker på korleis forteljingar kan tydeleggjere og spele på kjønnsuttrykk. Om ein tenker forteljinga om trofeet innanfor den dikotomiske inndelinga, kan det tolkast som om han vil framstilla seg sjølv som den aktive og skapande mannen. På same tid ynskjer han å anerkjenna det kulturelle repertoaret om nærleik, som Petter. Samstundes kan Stian si haldning, forståast innanfor Oftung sitt script om hjelpe-tilfaren, der han vert meir distansert i høve til bornet i byrjinga. Vidare at han vil vere klår på kva plass han har i høve til mor og born, fordi han isceneset seg sjølv som maskulin, i det han talar om trofeet (Oftung 2009:57). Ektefellen til Stian hevdar i denne delen av samtalen at han ikkje er kjenslemessig nok involvert i sjølve fødselen. Her kan ein sjå at han går vidare på å fortelje om kjønnsforskjellar. Han antydar noko om førestillingar om kjønn i dette utdraget:

Stian: I følgje ho litt for profesjonelt frå mi side. "Du kan liksom ha kjensler du og". Eg hadde jo kjensler, men eg syner det jo på andre måtar.. [...] Eg var oppeken av å vere sånn roleg og være der for.. Men når eg då liksom kom heim og fekk roa på tomannshånd, så... (intervju nr. 8, s. 4).

I dette utdraget kan ein underbyggja to førestillingar knytta til kjønnsuttrykk. Stian kjem fram med ei litt anna episode her, og han fortel om ei oppfatting der han som mann syner sine kjensler på andre måtar enn ho. Det andre er at det er oppgåva til mannen å helde kjenslene for seg sjølv, og som han seier, helde seg roleg. I møte med dei tilsette på klinikken vel han dette for å vise seg sterk, og held seg kontrollert for ektefellen i ein krevjande situasjon (Mosse 1996:18). På den andre sida legg han fram formuleringar som kan vise til noko anna. Han fortel om medvitet i høve til begge reaksjonane, og veit korleis dei er ulike. På denne

² Ei todeling som symbolsk set kvinna og mannen i to motsetnader, som indikerar ei ulikskap mellom desse. Tilhøvet mellom dei tyder òg at den eine utelet den andre. Ein egenskap kan ikkje finnast hos begge samtidig. Dikotomiar kan ut frå dette relaterast til kvarandre, som til dømes i todelinga aktiv/ passiv, eller homofil/ heterofil (Lundahl 1998:92 og 93).

måten kan Stian si forteljing seie noko om at han vil forståast som ulik ektefellen i sin reaksjon, samstundes fortelje at han ville ”kome heim” og vere nær bornet sitt. Stian passar innanfor hjelpe -til- faren -scriptet eller den likestilte far, for i den eine samanhengen skildrar han ein nærliek til det nyfødde bornet, noko Oftung festar til begge scripta (Oftung 2009:59). Vidare kan den andre forteljinga som han supplerar med seie at han er oppteken av kjønnsulikskapen mellom foreldra (Oftung 2009:58).

Opplevinga hans syner at han treng lenger tid enn henne som har fødd for å ta hendinga innover seg, og at det er betre å ta det fram heime. Likevel, ut i frå hans måte å fortelje på vert tolkinga mi at han ynskjer *både* å syne for meg at han hadde intim nærliek til bornet når han kom heim, og samstundes peike på innvendinga frå ektefellen på klinikken. Med denne rekjkjefølja på episodane understrekar han nærliken til bornet først, for så å syne at han var ein kry far som hadde kontroll i den siste episoden.

Tida aleine med borna

Nærlek kan utspela seg når fedrane får tid aleine med borna, og dette var noko eg tok opp med alle. Espen i den yngste generasjonen tok permisjon i nærmare fem veker og eg spør han om kva han nytta tida til. Samtalen peiker på at det er ei fokusering på glede og ansvar i samband med bornet:

Mariela: Kva bestod dei vekene i då?

Espen: Nei det var no, ho jobba ein del då.. så då var det liksom å følje med på, vi låg mykje på golvet og leika. Når ho grein, så var det å gå og bæra. Sette på litt musikk, vi fekk jo masse sånne beibiCDar. Så vi dansa litt rundt på golvet og sånn. Ho liksom strålte når ho fekk danse og svinga seg rundt der, heldt ho, grein litt innimellom og ja. Middag, graut og bleieskift. Gjekk liksom den runddansen der. Var jo ute på tunet òg, det var jo om sommaren. Mykje ute og trille vogn, så fekk pappaen trimma litt òg, hehe.

Mariela: Åja, var du med andre og då?

Espen: Nei, det var ingen småbarnsfedrar som var i same..

Mariela: Nei, ok.

Espen: Det var no like greitt, trong full fokus (Intervju nr. 5, s.5).

Espen vel å fortelje om deira tid saman. Han understrekar at det tok mykje av tida hans å engasjera seg i henne og at han ynskte å syte for det. Sjølv om han nemner at ho grein, seier han ikkje så mykje meir enn det i høve til meir negative utfordringar. Han uttrykkjer seg på ein måte der det er naturleg for han å gå inn i desse daglege oppgåvene som far med eit lite born. Det var greitt, ”ein runddans”, å vere der med ho. Såleis er det dei koselege tinga han vil fortelje om. Han har fokus på at det var ei kjekk tid, og at han var aleine med ho, både heime i stova og ute på trilletur. Han trilla *mykje*. Utdraget i heilskap kan forståast som om han vil synge at han har kontroll over kva dei kan gjere saman og at deira samvær handla om at han var vernaren hennar, det var ikkje berre leik.

Petter er klar på at permisjonstida var hans og han ville ha kontroll over den sjølv. Han peikar på at *tida* hans er viktig i samband med farsidentitet. Eg spurde kva han gjorde i permisjonstida. Fokuset hans er på ein eigen sjølvstendig identitet som far:

Petter: Det skulle vere mi tid og den ville eg bestemme over. [...] Då må du jo forsåvidt nytte den tida til å reisa for å amme, anten at du reiser heim eller .. men eg meinte at uansett om ho kom her eller der, så ville eg ikkje binda tida mi opp til ein ammepause. Så då slutta ho å amme midt på dagtid då, men han fikk jo mjølk, sikkert før ho gjekk på jobben om morgonen og når ho kom heim. Em, ja så men det er, syns det kan vere litt opp til kvar enkelte om, men eg syns jo at de fleste fedrar har godt av det. Mona meiner jo også at man får, eller at eg har et sterke tilhøve til han eller at han har et sterke tilhøve til meg enn den førstefødte, i høve til at vi då var veldig tette det halve året, så eg trur nok ein får noe veldig sånn positivt ut av det i forhold til sånn.. Altså i det et barn faller, så seier de ofte sånn ”mamma”, men etter en sånn periode så seier dei ”pappa”, altså for det er altså den nærmaste etter det. Så det trur eg er veldig alright, og så er det godt å sjå kva det er å være heime. Maten er ferdig på bordet når ho kjem heim (Intervju nr. 7, s.7 og 8).

Petter skildrar at han opplev mange positive ting, skapar eit bilet på kor naudsynt det er for han å ha tid aleine med borna, og at han er merksam på korleis borna responderar på hans

måte å møte dei på. Han taler om kva han sjølv får igjen for denne tida, noko ein kan sjå i likestilt-far-scriptet (Oftung 2009:62). Vidare kan det verke som eit mål i seg sjølv å nå likestilling, og begge går inn for det og har tenkt igjennom tilhøvet. Han er engasjert i typiske ”kvinneområder” som det å ha meininger om når amminga skal skje og korleis dagen arrangerast i høve til bornet (Oftung 2009). Som Espen vil Petter ha eit ord med i laget. Petter kan hevdast å *feilsitere* når han peikar på bilet av bornet som gret og ropar på far. Det er viktig for Petter at når bornet slo seg fekk han høyre guten rope på han *først*. At han får ei stadfesting av at han òg er viktig for bornet. Som han seier, fekk han ei kjensle av å vere ”den nærmaste etter det”. Feilsiteringa kjem vidare til uttrykk med frasen ”maten klar når *ho* kjem heim”. Han får oppleva det å vere den primære omsorgspersonen og peikar på ei førestilling om at ”mamma” kjem *før* ”pappa”.

Det er ein likskap mellom Petter og Hans, for når Hans fortel om kva han likar å gjere saman med borna sine, talar han om borna på ein nær måte:

Mariela: Kva du likar å gjera saman med borna dine?

Hans: Kva eg likar å gjera.. det er å sparka fotball, men han eldste har ikkje hatt interessa noko særlig då. Eg likar jo å vere ute i hagen, frisbee og sånn.

Mariela: Er det ho mellomste som spele fotball då?

Hans: Nei, han minste, han har ballkjensle. Men ellers så er vi jo på symjing med dei då.

Mariela: Ja, har hørt om fleire som har..

Hans: [...] Han eldste er veldig interessert i symjing. Eg er med han der då. Ho mellomste ho begynner å få den interessa òg (Intervju nr. 6 s. 3 og 4).

Hans fortel kva aktivitetar han gjer saman med borna. Han syner kjennskap til kva interesser dei små har og kvar interessa til kvar enkelt av dei er. Borna har ulike preferansar og han syner for meg at han er medviten om desse. Samstundes er Hans si skildring meir generell enn Petter. Andreas svarar òg noko generelt i neste utdrag, og det kan verke som at han ikkje slår seg til ro med å fortelje om ei enkelt hending, men ender opp i ein veldig ”korrekt” avgjersle om samvær med familien:

Mariela: Er det nokon episodar du hugsar når du har vore i lag med han?

Andreas: Ja, no er jo fokuset mitt veldig mykje familie, så eg prøver å finna på ting og for vår del så speler eg og guten mykje fotball, vi er gla i det, likar å gå mykje i skogen og på tur.. Men eg syns òg det er viktig at meg og Turid får tid saman, og eg og guten får tid saman og jenta og så må alle ha litt tid saman. Så det verte liksom alt etter kven eg er med, kva vi gjer på då (Intervju nr. 4 s. 7).

Andreas legg mest vekt på kva han hevdar er god praksis i høve til familie - ei demokratisk og likestilt fordeling. I denne forteljinga kjem det fram at kvalitetstid er naudsynt for å ha nærliek, men at det må arbeidast med, fordi ein i dag ofte må ta omsyn til tidsklemmer av ulike slag. Mot slutten verkar det som han mister tråden litt, eller er usikker på korleis han skal nærme seg spørsmålet. Så han finner det best å fokusere på ei optimal fordeling av tid, noko som eg då tolkar som hans hovudbodskap i forteljinga. Han svarar ut frå ei vurdering om familiien, og noko generelt. Fordelinga av tid, som vi såg i kapittel 3, er eit viktig moment når det gjeld å vere foreldre og det er ei utfordring å fordele den godt. Han syner her korleis han ynskjer å nytte den tida han har på best mogleg måte. Den skal fordelast på kvar enkelt av familiemedlemmane.

Ingen av fedrane i den yngste generasjonen framstiller det som utfordrande å sette ord på nærliken dei opplevde i høve til borna, men det varierar likevel korleis dei greier ut om den. Andreas sitt fokus er noko annleis i høve til måten dei andre tre legg skildringane sine fram. Spesielt er Petter og Stian mest spesifikk. Det kan verke som om dei har gjort seg nokre tankar om hendinga allereie. Dei fortel om seg sjølve som fedrar som fokuserar på borna. Forteljingane handlar om deira nærliek eller ynskje om det, og mødrene kjem mest i bakgrunnen i denne samanheng. Andreas fortel meir om heile familien enn dei andre, når han nemner at han vil ha kvalitetstid med kona òg. Alle vel å skape bilet av at dei deltar, at dei har kontroll over situasjonen og er medvitne om kva dei får til. Dei ynskjer å fortelje om dei positive sidene for å syne at dei trivst i borna sitt nærvær og skildrar ein nærliek som handlar om å stille opp for borna ut i frå kva borna treng som born. Nærliken handlar om ei innsikt i borna sine ynskjer og gleder. Alle opplevast som komfortable med å fortelje om dette, noko som kan syne deira tryggleik. Forteljingane dei legg fram seier noko om kva farsidentitet fedrane ynskjer å nå fram med og vere del av. Dei fortel om å vere aktive som fedrar, og har

konkrete grunnar for deira framferd.

Dei eldste fedrane sine skildringar om fødsel og samvær

Dei neste skildringane er henta frå ein 1970-talskontekst. Informantane fatta seg generelt noko kortare om fødselen enn dei yngre, men som nemnt er dei i ein noko anna posisjon enn den yngste generasjonen. Dei må hugse tilbake i tid, samstundes som dei held seg til samtida. Birger skildrar si oppleving av fødselen på denne måten: ”Vansklig.. Eg hugsar veldig godt når vi var på klinikken, for då fekk vi ikkje vere med sant. Det var i to og sytti, og då fekk ein ikkje vere med på fødselen (...) Men eg huska det at..eg har aldri sett eit sånt fint smil på kona.. Ho hadde fått ei jente, og alt var fint då (...) Så då var eg skikkelig rørt” Eg konstaterar og seier at ”det hugsar du godt” han svarar ”det hugsar eg veldig godt” (Intervju nr.1, s.2 og 3).

Trass i at Birger understrekar at dei ikkje fekk vere med på fødselen, hugsar han den godt, men kan ikkje legge alt fram i detalj. Med denne skildringa kan det verke som om han vil fortelje at sjølv om han ikkje var tilstades medan fødselen hende, så var han med på klinikken og var engasjert i hendinga – han stilte opp. Birger fortel kva han kjende då han innsåg at dei hadde fått eit born. Han vart rørt, og han hugsar den augneblinken godt, sjølv om dette er vel 30 år sidan. Måten han kommuniserar på når han fortel dette, er med å grunngje kvifor eg tolkar dette som ei hending som framleis ligg han nær. Han er open, samstundes som han ikkje kjem med ei utgreiing om hendinga og bornet. Når han fortel talar han om sin relasjon til ektefellen ved å peike på hennar smil og kor fint han hadde det då. Det han fortel framhevar meir om hans relasjon til ektefellen og mindre om bornet åleine. *Ho* hadde fått ei jente, og det var noko han var lukkeleg over saman med henne. Noko av det same kan ein sjå i Nils sin forteljing.

Eg intervjuja Nils om kva han hugsa frå den første veka når han hadde vorten far. Her kan ein først sjå hans tankar om nattevake i høve til eigen innsats. Han forstår godt kva som krevjast av fedrar i dag og vidare korleis han skildrar relasjonen til ektefellen:

Nils: Nei, då var..første veka, var eg litt på vakt, nattevakt holdt eg på å sei..men eg kom aldri så langt at eg nådde senga, for ho var der lenge før meg..så etter da så slappa eg av. Hehe.

Mariela: Jaja.

Nils: Då fekk eg sova, men ho sov lettare då.

Mariela: Mhm.

Nils: Då budde vi jo nede, så då hadde vi eit soverom som, vi sa vi hadde vegg til vegg seng, og da hadde vi og. Ein dobbeltseng og ei seng på den sia, og vekk med nattbordet, og ei seng på den sia og vekk med nattbordet (viser med hendene) hehe, når vi vart to då.

Mariela: Ja, du sa det var..ikkje så planlagt, men klarar du å skildra litt kva du tenkte når du fekk vita at du skulle verte far?

Nils: Nei..eg tenkte at no kom pliktene.. ja tenkte jo det. Eller var det jo ikkje så mange som fortalte deg kva det innebar å verte far då, hehe (Intervju nr. 2, s. 2 og 3).

Nils byrjar med å gje eit bilet på daglege praksisar som foreldre må takla, og at han prøvde å ta del i desse frå første stund. Undervegs i forteljinga tek han seg i at det ikkje var han som til slutt stod opp om natta, det var henne. På denne måten forstår eg det som at når Nils ser tilbake ynskjer han å syne for meg at han *prøvde* å ta del. Han syner at han er klar over kva som krevjast av foreldre med små born og erkjenner at han ikkje såg på si deltaking i dette som optimal etter dagens krav. Han seier vidare at det var ingen som kunne læra han noko om å vere far på den tida, og det verkar som om han syns det var noko han burde ha hatt mogleik til. Samstundes kan det at han ler når han fortel, tolkast som eit utrykk for avstand til kva som er venta av fedrar i samtid. Han peiker på at det ikkje var mykje tale om det å vera far, og det kan verke som om han ser det i høve til samtidia slik han legg det fram. Han fortel at han er medviten om krava no og tek tak i det først, men vel å fortelje vidare om hans og ektefellen si etablering, dei ”vart to då”, som han seier. Kan dette seie noko om hans fokus som småbornsfar? Det kan fortelje at han hugsar best relasjonen deira, og at det i første omgang ikkje er bornet som gjorde noko med han i byrjinga, men hendinga medverka til at noko nytt hende mellom han og ektefellen. At han vart far og ho vart mor gjorde noko med deira tilhøve saman.

Sidan det ikkje var nokon som fortalte han om det å vere far, kan utdraget tolkast mot at han

prøvar å unnskynde seg litt. Han legg til at det var andre tider då han var far. Eg ynskjer å få litt meir innsikt i korleis han tenkte i høve til denne tida med dei små, og han fortel at borna vart aktivisert ut frå kva foreldra meinte passa dei best:

Mariela: Var det noko spesielt du fant på med dei sånn..?

Nils: Ja, altså her heima så va dei jo med og hjalp til.. Men dei hadde ikkje noko sånn faste plikter. Det var vel berre etter behov. Hehe, etter det som passa med alder (Intervju nr. 2, s.4).

Han vel å fortelje at han var saman med borna heime om det var noko som måtte gjerast. På denne måten kan ein forstå det som om tida saman var sterkare festa til diverse arbeidsoppgåver i høve til heimen. Som han seier var det ikkje plikter, men praktiske ting der dei kunne hjelpe til. Forteljinga kan seie noko om at det var færre tankar om korleis borna leika og heller meir om kva dei kunne ha nytte av å læra. I høve til Oftungs kategoriar seier Nils at det var oppgåver borna gjorde etter ynskjer av foreldra og det kan forståast som ein del av oppsedinga deira, noko som kan plasserast inn i forsørgarfarscriptet (Oftung 2009: 52). Ein kan òg sjå fellestrek med kva Nils fortalte om sin eigen far si oppseding av han.

Eg spør Birger om det var noko han likte å gjera saman med borna. Hans forteljing syner at han fokuserar på det å ta seg tid til borna med omsyn til at dei er born.

Birger: Det var jo heile situasjonen, at du las for dei, du gav dei mat og du leika med dei og gjekk litt på tur. Drog dei med deg ut, så dei fekk oppleva ting. Heile pakken eigentleg, var, da var veldig kjekt. Av og til så vart du litt lei sant, dei har det ikkje så veldig travelt og du sat deg god tid til ..stoppa masse opp og så må du venta litt og så viss du då skal noko så åh! Hehe.

Mariela: Hehe.

Birger: Sånn e det jo, ho e nyfiken og må få utforska ting. Sånn er det jo og med barnebarna, du kan ikkje legga opp eit sånt stramt program. Dei krev sitt på ein måte som..kan ikkje gå frå A til B. Alt mulig.. så har dei ikkje lyst å gå og så..sånn var det nok då og (Intervju nr 1, s.10).

Birger skil seg mest ut av dei eldste, fordi han relaterar spørsmålet mitt til borna på same måte

som fleire av dei yngste. Han snakkar om å ha tål og å ta seg tid med dei. Det kan vere lettare tilgjengeleg for han ut frå nyare opplevingar med sine borneborn. Skildringa om fødselen handla ikkje så mykje om bornet, men om familien som heilskap. Medan i dette utdraget handlar det om bornet og hans handtering av det.

Tor kjem med ein anna reaksjon når han fortel om tida med borna. Han ynskjer òg å grunngje korleis han handla i høve til borna på den tida:

Mariela: Kva gjorde du saman med borna dine når de var sånn..ja opp til seks sju år, når dei var små?

Tor: Nei, tok dei med på tur, og forskjellige aktivitetar ute. Han eldste han begynte snart å interessere seg for praktiske ting - bygde hytte, sånn som born gjer sant.

Mariela: Var du med å bygde hytte då eller?

Tor: Jo det hendte vel det. Han fortalte kordan han ville ha det, og det fikk han fort til.. Ellers så har eg alltid vert i mot å liksom pushe borna i ei bestemt retning.. Noen foreldre er så ambisiøse, borna skal det.. idrettstjerner eller sånne ting..men det har eg haldt meg unna. Eg syns de må finne ut av det sjølve.

Mariela: Bygde hytte, var det andre ting som du kan komme på som de gjorde saman eller som.

Tor: Bygde snømann kanskje..om det var snø om vinteren.

Mariela: Ja.. Så du var mykje ute då?

Tor: Vi kunne nok, altså han var nok en del ute ja ..Eg kunne nok vert meir ute. No er det ikkje så langt mellom han og søstera..14 mnd. etterpå (Intervju nr. 3, s. 5 og 6).

Tor fortel at han gjorde enkelte aktivitetar saman med borna, men vel å gå inn på at han ikkje var opptatt av å legga nokre føringar på dei. At han ”kanskje” bygde snømann, kan peike på at han er noko utrygg i denne delen av samtalen. Dette kan òg tolkast litt på same måte som Nils, i høve til at det var ”færre måtar” eller repertoar for å vere med borna med mål om aleinetid med leik. Fokuset var meir på å lære dei arbeidsoppgåver, og la dei stå for leikinga

sjølv. Borna leika saman med andre born. Far var ikkje opptatt av å underhelde dei, eller som Tor nemner, ”å avgjera kva borna skulle ta seg til”. Det kan verke som om Tor ser tilbake og tenker at han ikkje med det første er heilt nøgd med det han hugsar, til dømes seier han at han kunne vore meir ute. Trass i dette vil han peike på at han ikkje ville avgjera eller leggje føringar på kva borna skulle eller ikkje skulle ta seg til, og at dei leika fint saman utan foreldre si involvering. Han verkar noko usikker når han skal fortelje om kva dei konkret gjorde saman.

Dei eldste tek utfordringa med å hugse tilbake og vel å ramma inn forteljingane sine med at dei hadde ynskja å vere meir nærverande, men understrekar at dette ikkje nødvendigvis var så enkelt. Alle er klar på at dei ikkje ”når heilt opp” til det kulturelle ideal om fedrar. Ideallet sitt innhald er dei er medviten. Dei syns at det dei gjorde i høve til borna ikkje nødvendigvis var nok –noko dei nærmast beklagar, medan dei prøvar å forklara at dei prøvde. Det som kjem fram i forteljingane om deira eiga tid, vitnar om eit anna fokus, men likevel noko meir. Dei har eit fokus på å stille opp for borna igjennom å ”lære dei om livet” i form av praktiske oppgåver, noko som kan hevdast å vere ein annan form for omsorg enn den nærlieken dei yngste skildrar. Denne omsorga handlar ikkje så mykje om fysisk nærliek, men om eit ansvar dei tek på seg på vegne av borna og familien i heilskap. Ei omsorg som går føre seg gjennom ei type oppseding i oppgåver, og då ansvar.

Ei samanlikning mellom 1970 og 2000

Eg tek heile tida utgangspunkt i mi samtid og det kjem fram når eg møter fedrane. På denne måten har eg synt korleis forteljingane deira kan vitna om endringar. Farsidentiteten som kjem fram er sjølvsagt ulike innan generasjonane, men ein kan samla sett sjå at dei yngre fedrane møter forventningar på ein anna måte enn fedrane i 1970. Dei held seg til eit anna repertoar av forteljingar frå si tid, der nærlieken i høve til borna handla om å verne om dei som del av familien som heilskap. Dei gav borna mogleik til å vekse på ansvarsoppgåver, slik eg tolkar det. Oftung sitt førsørgar-far-script er mest framtredande hos dei eldste. Vidare fortel fedrane frå 1970-talet på eine sida noko om sine tankar om dagens fedrar, samstundes som dei prøver å forklara og understreka sin eigen ståstad i 1970. Deira tankar er henta frå ei anna tid, samstundes som om dei veit korleis dei skal uttrykkjast i desse dagar. Dei erkjenner dette på ulike måtar. I alt kan det verke som om alle fedrane har internalisert forståinga av dagens

kulturelle farskap i sine forteljingar.

Om ein ser på scripta til Oftung så skil Birger seg noko ut i høve til Nils og Tor som passar forsørgar-far-repertoaret best. Birger fortel på ein meir intim måte enn dei to førre. Borna vert ein del av deira farsidentitet, men er ikkje eit hovudfokus på same måte som hos dei yngste fedrane. Dei eldste har forteljingar som òg syner meir av deira tilhøve til familien i sin heilskap. Borna vert handsama på ein annan måte, for det er ein annan nærliek enn den fysiske nærlieken som dei yngre fortel om. Her står Petter fram som veldig trygg og høver til scriptet om den likestilte-far. Han går aktivt inn i nærlieken til borna på ein fysisk måte, og er ut frå dette den som best kan hevdast å gå inn under eit likestillings-script. Han veit korleis dette kan setjast ord på. Andreas manøvrerar seg fram på ein anna måte enn Petter. Han vel å syne ei meir distansert haldning i forteljinga om fødselen, men gjer eit forsøk på å endre fokuset undervegs. Andreas skil seg litt ut i måten han fortel på, for han talar meir generelt enn dei andre i si gruppe. Stian vil fremje at han kan fungere på ulike plan som far. Han presenterer seg som ein som kan meistra både ei mannleg side, med sin forklaring av å vere kry, samstundes som han fortel om å vere nær sitt born på ein emosjonell måte. Kjenslene og den opplevinga fedrane meddel har vore sentral. Ser ein på alle fedrane sine svar i høve til korleis Oftung sine kategoriar fungerar kan dei fremje scripta, men får samstundes ikkje fram korleis fedrane fortel om kjenslar. Kjensler er del i deira handlingar og då deira farsidentitetar i sin heilskap og kan ikkje berre kan gjerast greie for ut i frå tre kategoriar. Utforminga av farsidentiteten handlar òg om kjenslene og førestillingane fedrane har av eigen farspraksis.

Kapittel 6:

Oppsummering

Fedrar i 2000 og 1970

Oppgåva mi vart opna med ei skildring om korleis samtidsfaren sin identitet kan sjåast utanfrå og innanfrå. Eg har ynskt å gjere det same med omsyn til to generasjonar fedrar. Gjennom analyser av forteljingar og to avisar sin generelle omtale av menn som fedrar, har eg sett på endringa av farsidentiteten. Informantane har synt på kva måte det har vorten endring frå 1970-talet til 2000-talet. Samtalar om fedrane sine relasjonar til eigne born og deira relasjonar til sine fedrar, har peika på ei form for endring av å vera far. Dei ulike mogleikane for å praktisere som far i 2000 og 1970 handlar i stor grad om kva mogleikar menn har til å vera ein nær kvardagsfar eller ein som primært vernar om eigne born. I tillegg nokre variasjonar *innan* kvar av informantgruppene. Reglar i form av rettar for fedrar og normer for offentleg tale om fedrar, er avgjerande for korleis i farskapinga kan gå føre seg. Tid i 2000 er noko alle i familien må få av, og aleinetid med kvar enkelt er ideelt. Som vi har sett i høve til avisene i 1976 og 2006 finn ein at tid er mangelvare for begge generasjonane. Eg vil no gå gjennom nokre refleksjonar og funn i denne oppgåva, og til slutt skrive nokre ord om eigne ynskjer med denne oppgåva.

Offentleg aksept av fedrar

Med omsyn til avisene sin omtale kan ein sjå at det ikkje er tale om store forskjellar over 30 år. *Klassekampen* og *VG* har synt at innanfor åra 1976 og 2006 fekk menn mykje merksemd om dei fortalte om det å vera far, det er framstilt positivt. Omtala er mykje lik, medan mengda av artiklar og reportasjar om fedrar har auka i 2006. Særskilt har *Klassekampen* teke fram fedrar på ein meir djuptgåande måte enn *VG* i 2006, som tek fram at pappapermisjon er noko fleire tar. Ein kan hevde dei fremjar ei aksept for fedrar på ulike måtar. Biletet var annleis i 1976 ut frå at *VG* hadde mest saker om menn som var fedrar medan *Klassekampen* var mest oppteken av kvinnesaka. I 2006 kan ein sjå at pappapermisjonen er teke med i ulike typar saker og at ein intervjuar fedrar om deira born. Det er såleis tydelig at det er private er meir framme i media i 2006 ut frå at kjensler er noko ein fortel meir om. I 1976 var er det

fleire kvinner som er involvert og talar om fedrar, medan fedrar sin identitet som far meir festa til det private og dei uttalar seg meir som offentlege personar, i form av ekspertar og arbeidarar. Som eg var inne på i kapittel 4 er tale mellom fedrar og far- til son-prat om born, noko som ikkje går føre seg så ofte. Dette kjem òg fram i høve til avisene sin måte å omtale dei på. Menn som fedrar er noko meir synleg i 2006, men avisene opnar lite opp for at emnet kan inngå i meir djuptgåande diskusjonar. Dét kunne vore interessant å gå nærare inn på i samband med andre studiar av fedrar.

Vernarar av borna

